

Møte tirsdag den 15. juni kl. 10

President: J ø r g e n K o s m o

D a g s o r d e n (nr. 99):

1. Innstilling frå samferdselskomiteen om Nasjonal transportplan 2006-2015 (Innst. S. nr. 240 (2003-2004), jf. St.meld. nr. 24 (2003-2004))
2. Innstilling fra samferdselskomiteen om virksomheten til Avinor AS (Innst. S. nr. 262 (2003-2004), jf. St.meld. nr. 36 (2003-2004))
3. Innstilling frå samferdselskomiteen om forslag fra stortingsrepresentantene Heidi Sørensen, Inga Marte Thorkildsen og Siri Hall Arnøy om likestilling i transportsektoren (Innst. S. nr. 239 (2003-2004), jf. Dokument nr. 8:71 (2003-2004))
4. Innstilling fra samferdselskomiteen om ein del saker på Samferdselsdepartementets område (Innst. S. nr. 222 (2003-2004), jf. St.prp. nr. 62 (2003-2004))
5. Innstilling fra samferdselskomiteen om samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutninger nr. 79/2003 og nr. 80/2003 av 20. juni 2003 og nr. 11/2004 av 6. februar 2004 om innlemmelse av direktiver på området for elektronisk kommunikasjon (Innst. S. nr. 223 (2003-2004), jf. St.prp. nr. 59 (2003-2004))
6. Innstilling fra samferdselskomiteen om samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 65/2004 av 26. april 2004 om innlemmelse i EØS-avtalen av Fellesskapets Marco Polo-program (Innst. S. nr. 224 (2003-2004), jf. St.prp. nr. 61 (2003-2004))
7. Innstilling frå samferdselskomiteen om utbygging og finansiering av Imarsundprosjektet (rv 680 Imarsundsambandet og rv 669 Sandvika ferjekai med veg) i Møre og Romsdal (Innst. S. nr. 261 (2003-2004), jf. St.prp. nr. 69 (2003-2004))
8. Innstilling frå næringskomiteen om vilje til vekst – for norsk skipsfart og dei maritime næringane (Innst. S. nr. 267 (2003-2004), jf. St.meld. nr. 31 (2003-2004))
9. Innstilling fra familie-, kultur og administrasjonskomiteen om endring av medlemskap i Statens Pensjonskasse (Innst. S. nr. 238 (2003-2004), jf. St.prp. nr. 56 (2003-2004))
10. Innstilling fra familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om pensjonar frå statskassa (Innst. S. nr. 237 (2003-2004), jf. St.prp. nr. 57 (2003-2004))
11. Innstilling fra næringskomiteen om jordbruksoppgjøret 2004 – endringer i statsbudsjettet for 2004 m.m. (Innst. S. nr. 260 (2003-2004), jf. St.prp. nr. 66 (2003-2004))
12. Innstilling fra næringskomiteen om reindriftsavtalen 2004/2005, om dekning av kostnader vedrørende radioaktivitet i reinkjøtt, og om endringer i statsbudsjettet for 2004 m.m. (Innst. S. nr. 242 (2003-2004), jf. St.prp. nr. 65 (2003-2004))
13. Innstilling fra næringskomiteen om forslag fra stortingsrepresentantene Åsa Elvik og Inge Ryan om etablering av et verdiskapingsprogram for fiskerinæringa (Innst. S. nr. 266 (2003-2004), jf. Dokument nr. 8:67 (2003-2004))
14. Referat

*Minnetaler over stortingsrepresentant Leif Lund og tidligere stortingsrepresentant Finn Georg Thoresen***Presidenten:** Ærede medrepresentanter!Stortingsrepresentant *Leif Lund* er avgått ved døden.

Det var med dyp sorg vi mottok det triste budskapet om at Leif Lund var død, bare 61 år gammel.

Leif bar sin mangeårige kreftsykdom med beundringsverdig styrke. Til tross for flere tilbakefall klarte han gang på gang å komme tilbake til Stortinget med pågangsmot og stor arbeidsinnsats, men søndag 30. mai måtte han gi tapt for sykdommen.

Bergen og Hordaland har mistet en arbeidsom stortingsrepresentant, og vi har mistet en god kollega, venn og humørspreder.

Leif ble født i Bergen i 1942. Han vokste opp i Sandviken sammen med mor, far og sin tvillingbror. Som 16-åring begynte han å arbeide på Hæggenes Valsemølle. Her møtte han et aktivt og radikalt fagforeningsmiljø, som preget ham sterkt. Han ble leder for Møllearbeidernes Fagforening i 1974. Politikk og fagforeningsarbeid ble to sider av samme sak for Leif. Arbeidet for trygge arbeidsplasser og sosial rettferdighet vekket ham til samfunnsinnsats.

Han ble et aktivt medlem i Arbeiderpartiet, først som bydelspolitiker og kommunepolitiker i Bergen, før han i 1993 kom inn på Stortinget. I sine to første perioder her på Stortinget var Leif medlem av kommunalkomiteen. Her arbeidet han med et bredt spekter av saker, ikke minst med å styrke de faglige rettigheter og for å sikre folk et godt arbeidsmiljø.

Leif var svært opptatt av Bergen og de utfordringene som norske storbyer har. Han hadde et sterkt engasjement i disse sakene, noe som bidrog til å inspirere mennesker rundt ham.

I inneværende periode var Leif et aktivt medlem av forsvarskomiteen. Helt til det siste arbeidet han med Forsvarets langtidspan. Ikke minst var han engasjert i og arbeidet hardt for å få rustet opp tørrdokken på Haakonsværn, noe som ville sikre Bergen mange arbeidsplasser. Og han lyktes med det.

Leif var stolt av sin bakgrunn. Han visste hvem han var, og hvor han kom fra. Han stod hele sitt liv solid plantet i arbeiderbevegelsen – uten kompromiss. Han var levende opptatt av verdier om likhet og solidaritet med andre mennesker.

Leif hadde svært god kontakt med folk – med partifeller, med fagbevegelsens representanter og med velgerne. Han sa alltid at denne kontakten gav ham viktige innspill i det politiske arbeid, og det fikk vi i Arbeiderpartiets stortingsgruppe nytte godt av. Det var alltid klar tale når Leif tok ordet. Urettferdighet, at noen falt utenfor, engasjerte ham. Han ble opprørt over mangel på samfunnsansvar.

Leif var en person som ikke bare var respektert her på Stortinget. Han var også godt likt. Han var inkluderende og imøtekommende. Han hadde smilet på lur, et godt glimt i øyet og på tjuagutters vis alltid en treffende replikk på lager, både til meningsfeller og til motstandere. Han spredte godt humør, og han fikk oss til å føle oss velkomne og verdifulle.

Vi har alle mistet en god kollega og venn, og våre tanker går til familien, som har mistet sin kjære mann og far.

Tidligere stortingsrepresentant *Finn Thoresen* er død, 72 år gammel.

Finn Thoresen ble født 21. januar 1932 og vokste opp på et småbruk i Spydeberg. Han var befalsutdannet og arbeidet i mange år med eksport innenfor norsk industri. I 1969 etablerte han i samarbeid med Norsk Hydro et maskinfirma, som han ledet til 1975. Etter 1975 arbeidet han som frittstående næringslivskonsulent.

Thoresen hadde et langvarig politisk engasjement, og han gikk for fullt inn i politikken etter EF-debatten i 1972. I 1973 var han med på å stifte Anders Langes Parti, og han hadde i perioder flere tillitsverv i Fremskrittspartiet i løpet av 1970- og 1980-tallet, som medlem av sentralstyret og som formann og nestformann i henholdsvis Østfold og Akershus Fremskrittsparti. Han ble medlem av Ski kommunestyre i 1979 og var varaordfører fra 1984 til 1987. Thoresen møtte i korte perioder som vara-representant til Stortinget i perioden 1981–1985 og ble valgt inn på Stortinget som representant fra Akershus i 1989. I den perioden han møtte, var han medlem av kirke- og undervisningskomiteen.

I 1992 meldte han seg ut av Fremskrittspartiet og møtte etter dette som uavhengig representant fram til valget i 1993. Samme år var han med på å stifte et nytt parti, Samlingspartiet Ny Fremtid, som han ledet fram til 1997.

I kirke- og undervisningskomiteen gikk han inn for kultur- og idrettssaker med stor glød, og han viste i det hele et stort engasjement i sitt arbeid på Stortinget. Han gav selv uttrykk for at han satte pris på den muligheten arbeidet i komiteen gav til å engasjere seg i spørsmål knyttet til vår historiske bakgrunn, moral og kultur. Hans politiske syn var sterkt ideologisk preget og bygde på et kristent-liberalistisk grunnlag. Det var en målsetting for ham å bringe det kristne kulturgrunnlaget sterkere inn i politikken, samtidig som han gikk inn for en liberalistisk markedsøkonomi. Det kristne verdigrunnlag kombinert med økonomisk liberalisme var et grunnleggende element i hans politiske arbeid.

Finn Thoresen er blitt omtalt som en moderne haugianer. Han kom fra et pietistisk hjem preget av stort samfunnsengasjement og medmenneskelighet, og der både foreldre og besteforeldre var politisk engasjert. Han la

alltid stor vekt på familiens rolle i samfunnet og argumenterte sterkt for å sikre kjernefamiliens tradisjonelle posisjon. Han understreket viktigheten av at barn får vokse opp i ryddige familieforhold, og framhevet at familien var nødvendig for å sikre trygghet, tilhørighet og identitet.

Som politiker var han både omstridt og stridbar. Da han følte at Fremskrittspartiet ikke lenger delte hans verdigrunnlag, valgte han å melde seg ut framfor å forsøke å nå fram med sitt syn innenfor partiet. Hans synspunkter kunne være kontroversielle, og han utfordret kontinuerlig den politiske venstresiden med sin klare motstand mot sosialistisk ideologi og idealer. Som person var han fritt-talende, «rett på sak» og med en usedvanlig frisk stil. Samtidig hadde han et stort og ekte politisk engasjement og viet store deler av sitt liv til aktivt politisk arbeid. Med spontan og egenartet personlighet var han en tydelig og profilert politiker.

Vi minnes Leif Lund og Finn Thoresen med dyp respekt og takknemlighet og lyser fred over deres minne.

Representantene påhørte stående presidentens minnetaler.

Presidenten: Før sakene på dagens kart tas opp til behandling, vil presidenten foreslå at formiddagens møte fortsetter utover den reglementsmessige tid til kl. 16.00. – Det anses vedtatt.

Etter ønske fra samferdselskomiteen vil presidenten foreslå at sakene nr. 1–7 behandles under ett. – Det anses vedtatt.

S a k n r . 1

Innstilling frå samferdselskomiteen om Nasjonal transportplan 2006-2015 (Innst. S. nr. 240 (2003-2004), jf. St.meld. nr. 24 (2003-2004))

S a k n r . 2

Innstilling fra samferdselskomiteen om virksomheten til Avinor AS (Innst. S. nr. 262 (2003-2004), jf. St.meld. nr. 36 (2003-2004))

S a k n r . 3

Innstilling frå samferdselskomiteen om forslag fra stortingsrepresentantene Heidi Sørensen, Inga Marte Thorkildsen og Siri Hall Arnøy om likestilling i transportsektoren (Innst. S. nr. 239 (2003-2004), jf. Dokument nr. 8:71 (2003-2004))

S a k n r . 4

Innstilling fra samferdselskomiteen om ein del saker på Samferdselsdepartementets område (Innst. S. nr. 222 (2003-2004), jf. St.prp. nr. 62 (2003-2004))

S a k n r . 5

Innstilling fra samferdselskomiteen om samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutninger nr. 79/2003 og nr. 80/2003 av 20. juni 2003 og nr. 11/2004 av 6. februar 2004 om innlemmelse av direktiver på området for elektronisk kommunikasjon (Innst. S. nr. 223 (2003-2004), jf. St.prp. nr. 59 (2003-2004))

S a k n r . 6

Innstilling fra samferdselskomiteen om samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 65/2004 av 26. april 2004 om innlemmelse i EØS-avtalen av Fellesskapets Marco Polo-program (Innst. S. nr. 224 (2003-2004), jf. St.prp. nr. 61 (2003-2004))

S a k n r . 7

Innstilling fra samferdselskomiteen om utbygging og finansiering av Imarsundprosjektet (rv 680 Imarsund-sambandet og rv 669 Sandvika ferjekai med veg) i Møre og Romsdal (Innst. S. nr. 261 (2003-2004), jf. St.prp. nr. 69 (2003-2004))

Presidenten: Etter ønske fra samferdselskomiteen vil presidenten foreslå at debatten blir begrenset til 2 timer og 40 minutter, og at taletiden blir fordelt slik på gruppene:

Arbeiderpartiet 40 minutter, Høyre 35 minutter, Fremskrittspartiet 25 minutter, Sosialistisk Venstreparti 20 minutter, Kristelig Folkeparti 20 minutter, Senterpartiet 10 minutter, og Venstre og Kystpartiet 5 minutter hver.

Videre vil presidenten foreslå at det blir gitt anledning til replikkordskifte på inntil tre replikker med svar etter innlegg av hovedtalerne fra hver partigruppe og fem replikker med svar etter innlegg fra medlemmer av Regjeringen innenfor den fordelte taletiden.

Videre blir det foreslått at de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får en taletid på inntil 3 minutter.

– Dette anses vedtatt.

Oddbjørg Ausdal Starrfelt (A) [10:14:02] (ordfører for sakene nr. 1 og 3): I dag vil regjeringa Bondevik og regjeringspartia lida eit stort nederlag i Stortinget, eit nederlag på 22 milliardar kr. Det har fått dei til å leggja fram eit forslag som syner manglande respekt for fleirtallet og – eg vil mest seia – for spelereglane i politikken.

Regjeringspartia forstår at det vil verta vedteke ei ramme i kveld som er 22 milliardar kr over deira ramme. Av desse skal 10 milliardar kr gå til veg, 10 milliardar til jernbane, 1,5 milliardar til kollektivformål og 0,5 milliardar til hamn. For å hindra ei relativt større satsing på jernbane gjer dei framlegg om at «den relative økningen blir omtrent den samme for veg og jernbane», sjølv sagt for å freista f.eks. Framstegspartiet til fyrst å skaffa fleirtal for Arbeidarpartiet sine 22 milliardar kr og deretter å omfordela frå bane til veg.

Så laust og uforpliktande er ikkje samarbeidet i opposisjonen. Me står ved avtalen vår, og me vil be om at forslag nr. 4 vert stemt over før dei ulike forslaga til rammer – det motsette vil gjera rammeforslaga meiningslause.

Så til saka: I dag legg me rammer og retningslinjer for samferdslepolitikken langt inn i mitt tilvære som pensjonist. Eg vonar, og trur, at 2006 vil verta eit vegskilje og eit sporskifte i samferdslepolitikken – ei endring frå stadig mindre løyvingar via erkjenning av kor viktig samferdsle er, til auka løyvingar til glede for næringsliv og einskildpersonar over heile landet.

Eg vil takka komiteen for at ein valde meg til saksordførar for denne viktige meldinga. Det har vore nokre utfordrande og interessante veker sidan planen vart lagd fram i mars. Me får i kveld eit vedtak om eit historisk løft i rammene. Dette vil i ti-årsperioden merkast over heile landet. Eg vil i denne samanhengen minna om at det er eit val mellom 2004 og 2006, så å seia eit vegval. Det tykkjest som om nokon har gløymt det.

Innstillinga gjev retning for samferdslepolitikken framover. Komiteen har arbeidd for å sy saman synspunkt og meiningar: i komiteen og i ulike fleir- og mindretal. Eg vil be statsråden lesa alt nøye. Her er mange gode råd å ta med seg på vegen sjølv om ikkje alle har eit fleirtal bak seg.

Eg vil som saksordførar trekkja fram nokre hovudpunkt. Andre frå Arbeidarpartiet vil gå nærmare inn på nokre av dei. Det viktigaste i saka er spørsmålet om rammer – det er i grunnen fyrst og fremst det det handlar om. Difor undrar det meg at regjeringspartia og statsråden stiller spørsmål ved om innstillinga her i dag betyr noko når det gjeld rammene. Dersom dei meiner at Nasjonal transportplan ikkje har noko å seia for kva som verkeleg skal skje, burde dei koma til Stortinget med framlegg om å avvika systemet. Det kan vera at Høgre og Kristeleg Folkeparti ikkje har planar om å følgja opp det dei lovar. Arbeidarpartiet vil gjera det me lovar.

Politikk handlar nemleg om å velja. Arbeidarpartiet vel å løyva meir til velferd, veg og bane. Regjeringspartia vel skattelette til dei som har mest frå før.

Kjære regjeringsparti: De skulle heller ha funne fram den offensive tonen de hadde for tre år sidan, då saksordføraren, Oddvard Nilsen, raljerte over kor utilstrekkelege rammene våre var i høve til behova. Sjølv desse utilstrekkelege rammene har Regjeringa slite med å følgja opp i åra etter.

Arbeidarpartiet lova litt mindre enn regjeringspartia, og med nær ein milliard ekstra i budsjettet for 2004 ligg ikkje me så langt etter det me lova. Og me har ambisjonar om å gå vidare, om å byggja landet framover. Me ser at me ikkje kan halda fram med å redusera den delen av statsbudsjettet som går til samferdsleføremål, slik me har gjort dei siste 20 åra. Me har ambisjonar om å sikra arbeidsplassar og busetnad over heile landet. Her er veg og bane ein nykel, det har me høyrte sentrale næringslivsfolk over heile landet seia. For mange er det viktigare enn skattelette. Det er stort sett heller ikkje privat velstand folk manglar i dette landet. Dei fleste har lite forståing for at dei må kjøra i stadig finare bilar på til dels

(Ausdal Starrfelt)

svært dårlege vegar. For å avhjelpa dette er det satsing på samferdsle som skal til, ikkje skattelette til dei som har mest frå før.

På kort sikt vil 2,2 milliardar kr i året gje arbeid til tusenvis, i bygg- og anleggssektoren og i andre sektorer. Det er viktig i seg sjølv i ei tid der arbeidsløysa tykkjest å ha sett seg fast på nær 100 000 ledige. I tillegg er det viktig at me får eit betre transporttilbod i eit stort land med lite folk, spreidd busetnad og mykje fjordar og fjell.

Den norske jernbanen er i ferd med å forvitra, me klarer ikkje å halda ved like det me bygde for 50, 100 og 150 år sidan, på ein skikkeleg måte. No, når jernbanen fyller 150 år, tek me, altså fleirtalet, eit tak, og det skal skje fort. Då får me mange i arbeid, me får ei effektiv utbygging, og me får eit radikalt betra tilbod. Me får dobbeltspor til Tønsberg, Hamar og Fredrikstad og rundt dei andre store byane, og me får viktige utbetringar i høve til både tryggleik og framkomst over heile landet. Eg gler meg til ny godsterminal på Ganddal og eit nytt løft for Jærbanen når dobbeltsporet no kan framskundast. Toget krev lite areal – det er effektivt, det er trygt, og det er svært miljøvennleg. Difor vil me satsa no, så får me heller komma tilbake til om me skal finansiera det over nokre fleire år.

Tog kan sjeldan bringa ungar i barnehagen. Difor vil me i Arbeidarpartiet ha vegar, særleg i distrikta, men òg i sentrale strøk. Me har store utfordringar både når det gjeld investeringar, når det gjeld drift og vedlikehald, og når det gjeld rassikring. I ramma vår har me funne plass til ein auke til andre riksveggar med 5 milliardar kr, ein auke på 32 pst. Det er pengar eg trur fylkespolitikarar gler seg til å fordela til gode formål. Stamvegane får 4 milliardar ekstra, det er òg ein vesentleg auke. Her peiker me på viktige prosjekt som kan framskundast, og som det skal løyvvast nye pengar til. Me vil m.a. framskunda E6 og E18 i Østfold, me følgjer opp med auka løyvingar til viktige delar av «lottorekkja» i Hedmark og Oppland – 2 – 4 – 6 – 16, me aukar ramma for kyststamvegen med 1 milliard, og me aukar løyvingane til E6 frå Trondheim og nordover, for å nemna noko. Eg har òg lyst til å nemna at me tek inn strekninga Gvammen–Århus på E134 i planane att, og me aukar ramma med 100 mill. kr til Rv 35, som m.a. er ein viktig veg til Gardermoen for dei i dette landet som har lengst veg til flyplass.

1 milliard ekstra til rassikring er ein auke på 50 pst. Det kan gje mange ungar sikrare skuleveg og mange for eldre betre nattesøvn.

På kollektivsektoren står mykje igjen. Me aukar rammene med 1,5 milliard, m.a. aukar me innsatsen i den såkalla incentivordninga med 1 milliard. Dette må sjølv sagt gjerast gradvis. SV og Arbeidarpartiet ynskjer ein gjennomgang av dei ulike løyvingane til kollektivformål, og ber om eit forsøk der fylkeskommunane står fritt til å bruka midlar til andre riksveggar og til kollektivtiltak sjølve.

Når det gjeld hamner, reiser meldinga fleire spørsmål enn ho gjev svar. Her er det mykje me må komma tilbake til. Me aukar rammene med ein halv milliard spesielt til fiskerihamner og farleier.

Regjeringa gjer igjen framlegg om å leggja ned lufthamner. Denne gongen er det Narvik og anbudsruta frå Fagernes. Det same stortingsfleirtalet har m.a. avvist dette ein gong før og gjort det heilt klart at dersom me skal vurdera dette på nytt, må det gjerast på ein god måte. Det har statsråden oversett, og difor får ho nei igjen. Arbeidarpartiet, SV og Senterpartiet meiner i tillegg at det skal mykje til for å leggja ned ein flyplass, og at dette må skje etter ein grundig prosess. Saman med SV og Framstegspartiet ber Arbeidarpartiet om ei utgreiing av eit system tilsvarande alternativt bruk av ferjesubsidiar. Eg ber statsråden vurdera dette.

Høgredreinga held fram på samferdsleområdet. No gjeld det konkurransetsetjing av persontransporten på jernbanen. Dette er Arbeidarpartiet negative til. Me vil ikkje gambla med tryggleiken og leggja til rett for sosial dumping. Når tidlegare konkurransetsetjing skal evaluerast, for det har eit fleirtal bestemt før, er det vår klare forventning at likt må samanliknast med likt.

Arbeidarpartiet og SV vil ha ei sak om miljøvennleg godstransport, hamnestruktur og eit heilskapleg system av verkemiddel for å nå målet om auka sjø- og banetransport av gods.

Så nokre andre saker:

- Eit fleirtal er kritisk til det noverande systemet for nytte-kost-vurderingar, me forstår ikkje kvifor me har eit så mykje høgare nivå på kalkulasjonsrenta enn våre naboland. At Svindesundsbrua har positiv nytte-kost-vurdering i Sverige og negativ i Noreg, heng ikkje på greip. Dette må betrast, det same må metoden for trafikkprognosar.
- Me i Arbeidarpartiet trur ikkje på kostnadsnøytralitet mellom transportformer. Me må tvert imot ha verkemiddel som gjer at me oppnår det me vil. Difor vil me ha vekk kjørevegavgifta og elavgifta på jernbane, og difor vil me ha vekk momsens på investering i jernbanesektoren.
- Arbeidarpartiet er positive til ei omlegging av bompengesystemet, men meiner at Regjeringa sitt framlegg er for absolutt. Me vil ikkje stengja døra for delvis bompengefinansiering i distrikta, og me vil ha overgangsordningar for prosjekt som er komme langt, t.d. Sotra bru.

Eg gler meg til å sjå resultatet av vedtaket i dag – resultatet i form av handlingsplanar baserte på fleirtalet sitt vedtak som heilt konkret syner kva me kan få til for 22 milliardar kr utover det Regjeringa har gjort framlegg om. Også på dette feltet kan valet neste haust gjera ein skilnad.

Eg vil ta opp dei forslaga som Arbeidarpartiet fremjar aleine eller i lag med andre parti.

Presidenten: Representanten Oddbjørg Ausdal Starrfelt har tatt opp de forslag hun refererte til.

Det blir replikkordskifte.

Petter Løvik (H) [10:24:34]: Gjennom heile 1990-talet, då Arbeidarpartiet i stor grad sat ved makta, gjekk samferdselsløyvingane ned år for år. No hevdar Arbe-

idarpartiet at dei vil begynne å bruke meir pengar på samferdsel, og dei vil finansiere dette med auka skattar i forhold til det som sentrum-Høgre-regjeringa står for. Ifølgje media vil dei få subsidiær støtte til dette frå dei andre opposisjonspartia. Men i Dagsavisen i går kunne vi lese at desse skattepengane som dei vil leggje på det norske folket, allereie er brukte opp både tre og fire gonger til heilt andre ting enn samferdsel. Korleis heng dette saman? Det vil eg gjerne spørje om.

Eit lite spørsmål til: Får vi sjå resultat av dette i haust, eller skal ein vente heilt fram til 2006 før ein får sjå den satsinga? Er det grunn til å vente at vi skal få sjå noko i haust?

Oddbjørg Ausdal Starrfelt (A) [10:25:55]: Det var vel litt opp og ned med løyvingane på 1990-talet òg, men om me går 20 år tilbake, har det vore ein nokså klar nedgåande trend.

Ja, det er ei erkjenning at me må satsa meir på samferdsle, altså me vil prioritera det høgare. Det reknestykket i Dagsavisen trur eg var noko overdrive. Altså: Me har ganske mykje pengar – berre dei nye 12 milliardane som regjeringspartia har lova i skattelette, er mykje. I tillegg er det gjort vedtak som me har vore usamde i, og kanskje etter valet neste haust er det eit fleirtal for å sjå på det igjen. I alle fall meiner me noko med det, me har god forankring i gruppa for at me skal byggja landet igjen, og då må me bl.a. byggja vegar og jernbane på ein skikkeleg måte. Planen gjeld frå 2006 – men Arbeidarpartiet hadde faktisk 1 milliard kr meir i inneverande budsjettår òg, altså i 2004, og me har også tenkt å kjempa for det i neste runde. Men dette samarbeidet gjeld frå 2006 til 2015.

Kenneth Svendsen (FrP) [10:27:01]: Behovet for veibygging er svært stort. Dessverre ser det ikke ut som om det er flertall i denne salen for vårt utmerkede forslag om en økning på 75 milliarder kr til veibygging – men det er jo sånn at det er Arbeiderpartiet som har lagt fram det forslaget som ligger nærmest vårt.

I debatten som går mellom Arbeiderpartiet og Høyre, er det et spørsmål om skattelette eller ikke skattelette. For oss er det ikke sånn.

Mitt spørsmål er: Etter at vi nå får rekordhøye overskudd i forbindelse med oljeutvinningen – 40 milliarder kr mer enn budsjettet bare i år – vil det være utenkelig for Arbeiderpartiet å bruke noen av disse oljemilliardene til å sette folk i arbeid for å bygge veier i dette landet?

Oddbjørg Ausdal Starrfelt (A) [10:28:20]: Eg er klar over at Framstegspartiet og Arbeidarpartiet vil finansiere løftet på samferdsle på forskjellige måtar, og eg skal nok vera så ærleg å seia at eg tviler på at me kjem til å sitja i regjeringkontora i lag til neste haust. Men det vil ikkje seia at me ikkje kan få til dette lyftet. Det er altså fire parti som står bak dette, som i sum kan få mykje meir enn 50 pst. bak seg – kanskje tre av dei kan få det òg. Eg forstår at statsråden er frustrert over at ho ikkje finn pen-

gar til å gjera det me skal vedta i dag, men då kan eg jo invitera henne inn i eit sentrum-venstre-samarbeid, så slepp ho å gje alle desse skattelettane og få meir til samferdsle.

Men for å svara representanten Svendsen: Det er nok nokså utenkjeleg for oss å bruka meir oljepengar. Me skal ta den tunge jobben det er å omprioritera for å finna meir pengar til samferdsle. Så sånn eg ser det no, kan eg ikkje svara positivt på det, sjølv om me har hatt eit godt samarbeid i denne prosessen med Framstegspartiet.

Heidi Sørensen (SV) [10:29:39]: Jeg vil først takke saksordfører for godt utført arbeid og for å ha strukket seg langt for å prøve å få til et flertall, selv om det i utgangspunktet var stor avstand politisk mellom partiene i komiteen.

Jeg vil også si at jeg er fornøyd med at Arbeiderpartiet har tatt noen viktige skritt, slik SV ser det, i riktig retning i forbindelse med denne saken. Ikke minst gjelder det den iver og den viktighet Arbeiderpartiet har lagt på at vi må få mer gods over på jernbane og sjø og færre trailere på veiene. Det synes jeg er oppløftende.

Jeg har likevel lyst til å utfordre representanten Starrfelt på ett område, og det gjelder veiutbyggingen rundt de store byene. Vi ser mange steder at vi har køer, og det skrikes om mer vei, men er det ikke også slik at Arbeiderpartiet i større grad må ta innover seg at vi ikke kan bygge oss ut av køproblemen rundt de store byene?

Oddbjørg Ausdal Starrfelt (A) [10:30:59]: Eg vil takka for skrøytet. Det gjer alltid godt, særleg når ein har jobba mykje og hardt, og eg vil returnera skrøytet til dei andre partia. Det har vore ein god prosess, der me har kunna samarbeida om å finna løysingar, der det ikkje er ein mengd enkeltting som Regjeringa eller departementet må leggja i hop sjølve.

Me har i hop med SV bedt om ei eiga sak om overgangen av gods til bane og sjø. Det går for tregt. Me er nøydde til å sjå på om me ikkje må gjera noko meir, om me må ha fleire verkemiddel enn dei me har i dag.

Arbeidarpartiet er både eit bane- og eit vegparti. Representanten Sørensen har tidlegare teke oss med i ein asfalt- og betongallianse. Eg er glad for at me no viser at me òg meiner noko med miljøet ved å satsa på jernbane. Me trur nok at me må ha både veg og bane rundt dei store byane, men det er ganske flott slik som me no gjer det i Vestkorridoren, at me fyrst byggjer dobbeltspor, og så ser me kva som er igjen som då må løysast på veg. Når me gjer det motsette, kan det vera at me let ein sjanse gå frå oss.

Presidenten: Replikordskiftet er dermed omme.

Petter Løvik (H) [10:32:34] (leiar i komiteen og ordførar fo sak nr. 7): Eg trur at dommen til ettertida over den perioden vi har vore inne i dei siste åra, vil vere at det har skjedd ein samferdselsrevolusjon, ein revolusjon som gjer at vi får betydeleg betre samferdsel, at vi får meir igjen for pengane, og at vi har sett sjansane til nytenking som ligg der, og gjort oss nytte av dei.

Vi ser det på luftfartsområdet, der vi har klart å få ein betre konkurranse. Vi har fått prisane ned, og vi har fått ein auka trafikk. Vi ser det på vegområdet, der vi har klart å få meir effektivitet inn i systemet, både ved administrative endringar i forvaltinga i Statens vegvesen og ved å få ein meir reell konkurranse der tidlegare Statens vegvesen, no Mesta, kan konkurrere på lik linje med andre selskap. Vi ser allereie store resultat av dette, både i luftfarten og på vegsida. Vi har også starta på banesida. I dag har vi to aktørar på persontransporten på bane, NSB og Flytoget. Vi vil ha inn fleire for å kunne gi folk flest eit betre tilbud og for å heve jernbanens status og bruken av jernbane i Noreg.

I NTP er det ei vidareføring av denne politikken som er regjeringspartia sitt viktigaste ærend. Vi får fleirtal for å føre vidare hovudtrekka i den strukturpolitikken vi har ført dei siste åra.

Også på løyvingssida har vi i løpet av desse tre åra klart å snu den langsiktige nedovergåande trenden som vi hadde gjennom 1990-talet, som Oddbjørg Ausdal Starrfelt også nemnde i sitt innlegg. Etter at sentrum-Høgre-regjeringa kom til, har vi klart å snu trenden til ein oppovergåande trend, både på vegsida og på banesida, og vi vil følgje opp dette.

Sjølv om vi får fleirtal for det meste av dei strategiske grepa, som er det viktigaste i denne planen, er det eit interessant skilje i denne innstillinga. Sosialistane seier no eit klart nei til å fortsetje denne moderniseringspolitikken. Dei vil stoppe omstillinga. Dei vil bruke meir pengar, og pengane tek dei ved å auke skattane.

Det er minst to grunnar til at Høgre ikkje vil vere med på dette. For det fyrste vil vi ha skattane og avgiftene vidare ned, ikkje opp. For det andre er det ganske sterk tvil om dette heng saman, uansett. I Dagsavisen i går kunne vi lese at Arbeidarpartiet allereie har brukt opp desse milliardane fleire gonger, og det til heilt andre formål enn samferdsel. Då heng ikkje dette saman.

Opposisjonspartia er einige om ein ting. Dei er einige om at dei skal bruke meir pengar. Men som vi allereie har høyrte i dag i det innlegget og dei replikkane som har vore før, og som vi òg har sett i media tidlegare, er partia ueinige både om kven som skal betale dette, og kva pengane skal brukast til. Då må det vere lov å kalle dette eit forholdsvis skjørt kompromiss.

Arbeidarpartiet er òg litt i tvil om dei skal begynne no, eller om det ikkje er nødvendig å begynne no, om dei kanskje skal vente til Arbeidarpartiet kjem i regjering og behovet for sysselsetjingstiltak då vil bli betydeleg større. Med den bakgrunnen som Arbeidarpartiet har, med sine nedovergåande løyvingar gjennom 1990-talet, vil det jo vere ein ny politikk, og eg er i tvil om dette ville bli følgt opp. Kanskje er det slik at Arbeidarpartiet, for å skrive om Sande litt, seier: I overmorgon skal eg byrje på eit nytt og betre liv, trur eg.

Så gjeld det dette fleirtalet som det har vore snakk om her. I Aftenposten 10. juni synest eg vi får eit ganske klart bilete av kva vi står overfor. Der kan vi lese nokre utsegner frå dette fleirtalet, som skal bestå av Arbeidar-

partiet, Framstegspartiet og SV. Samferdselspolitisk talsmann i Framstegspartiet, Kenneth Svendsen, seier:

«Vi gjør dette for å binde opp Ap. til større veibevilgninger».

Så seier Framstegspartiet vidare:

«... at dette ikke har status av noen avtale, og at partiet står fritt i forhold til om partiet vil faktisk bevilge mer penger til jernbane.»

Samtidig seier SV i den same artikkelen:

«Partiet føler seg ikke forpliktet til å følge opp veibiten i de årlige budsjetter.»

Då synest eg at dette blir litt alvorleg. Dersom det blir eit fleirtal i salen i dag, subsidiært eller ikkje, der avtalepartane ikkje har som intensjon å følgje opp, synest eg dei skal vere så ærlege at dei seier klart frå om dette her.

Dersom vi går inn på dagens Nasjonal transportplan – han vi skal til på no, er den andre – og dersom vi ser på kritikken av den fyrste nasjonale transportplanen, kva er det som har vore hovudkritikken mot denne planen? Eg har saman med komiteen og på eiga hand reist rundt om i landet opptil fleire gonger, og 90 pst. av kritikken har gått på éin ting, nemleg at vi har laga rammer i planane, og at vi har laga handlingsplanar som ein ikkje klarer å følgje opp.

No vil opposisjonen gjere det same ein gong til, med vitande og vilje lage eit konstruert fleirtal som dei ikkje har som intensjon å følgje opp samla, presse fram ein handlingsplan og gi kommunar, fylke, innbyggjarar, næringslivet og andre det same problemet dei neste fire åra som ein har hatt til no. Eg trur at ein skal tenkje seg om før ein på nytt lagar ein handlingsplan som er lagt for høgt i høve til det ein maktar å følgje opp.

Også regjeringspartia vil sjølv sagt ha meir pengar til samferdsel, det skulle berre mangle. Men vi har vore nøydde til å ta ein del andre grep i denne perioden, både for å få ned renta og for å sikre norske arbeidsplassar, som gjer at vi ikkje har hatt så veldig mykje pengar å bruke. Vi har likevel, som eit døme, klart å auke løyvingane til veg med rundt 20 pst.

Vi vil gjerne òg i framtida auke løyvingane, men då vil vi ha ei litt anna prioritering enn det som Arbeidarpartiet legg opp til. Arbeidarpartiet legg opp til at ein relativt sett skal bruke dobbelt så mykje på jernbane som på veg. Ein aukar altså like mykje i kroner. Vi legg inn eit forslag frå regjeringspartia si side i dag om at dersom vi skulle klare å få til økonomisk grunnlag for auka investeringar på samferdselssektoren i åra framover, vil vi satse relativt sett meir på veg. Sjølv om jernbane er viktig, er det heilt klart at utfordringane på vegsida er betydelig større dersom vi ser landet under eitt, og dette vil regjeringspartia ta omsyn til.

Det er fleire saker enn Nasjonal transportplan som vi behandlar i dag, og eg skal nemne eit par punkt spesielt. Det eine er saka om det såkalla Imarsundsambandet på Nordmøre, som er eit ganske revolusjonerande prosjekt, og som er det fyrste i sitt slag vi behandlar i denne salen. Det er fleire ting som er nye med det prosjektet. Blant anna er det fyrste gongen vi bruker innsparte, statlege

ferjesubsidiar til å byggje ein veg for å byggje ei bru. Det geniale og det enkle med dette, som er å setje sunn fornuft i system, er at staten etter 15 år er kvitt kostnadene som vi elles ville hatt med ferje, og at vi står med eit brusamband, eit fastlandssamband, som vil gagne folket i all framtid, og som ikkje vil koste noko ekstra for nokon.

Dette er eit samarbeid mellom veldig mange partar, og det har vore gjort ein kjempeinnsats frå veldig mange hald. Her er lokalkapital inne. Det er bompengar inne. Det er, som sagt tidlegare, ferjetilskot inne, og dessutan ein liten ting til, nemleg nokre få millionar frå kommunesamanslåing. Ved å slå saman kommunane Aure og Tustna, som er aktuelt i dette tilfellet, vil det vere innsparingar som blir brukte direkte på å byggje denne brua. Samtidig har Kommunaldepartementet gått inn med eit ekstra tilskot for å toppfinansiere akkurat dette anlegget.

Eg håpar at den modellen som ein samrøystes komite går inn for, som vi har jobba veldig mykje med i prinsippet, og som vi no har ei sak på i dag, òg vil kunne brukast i andre samanhengar i andre delar av landet, til glede for innbyggjarane. Det å kunne kvitte seg med ein del ferjer og få eit fastlandssamband utan at det blir meir kostnader verken for staten eller for innbyggjarane, er svært god samferdselspolitikk.

Til slutt må eg ta med eit lite, lokalt prosjekt, sidan eg håpar eg skal sleppe å ta ordet fleire gonger i dag. Det er Kvivsvegen, som ein samrøystes komite no går inn for skal kome i gang. Det er ei samanbindingsåre langs kysten av Vest-Noreg, men samtidig eit viktig ledd i regionbyggingarbeidet frå Ytre Søre Sunnmøre til Indre Nordfjord.

Eg vil fremme det forslaget eg nettopp har rosa.

Presidenten: Presidenten går ut fra at du fremmer de forslag som Høyre har stilt enten alene eller i samarbeid med andre?

Petter Løvik (H) [10:42:51]: Det er heilt korrekt. Eg fremmar forslaget frå Høgre og Kristeleg Folkeparti i saka om Nasjonal transportplan.

Presidenten: Representanten Petter Løvik har tatt opp det forslag han refererte til.

Det blir replikkordskifte.

Oddbjørg Ausdal Starrfelt (A) [10:43:17]: I dag må Høgre ha ei dårleg sak og ein dårleg dag. Når det er meir å seia om Imarsundprosjektet enn om Høgres politikk, må dei ha lite å koma med. Det meste var jo angrep.

Eg lurar på: Har Høgre aldri vore med på å behandla ein langtidsplan før? Det som vert sagt her, kan seiast imot alle rammeplanar framover. Ein kan seia at me berre kan slutta med dei, for dei er ikkje realistiske. Det er budsjetta som er realistiske. Veit ikkje Høgre at planen gjeld frå 2006, og at kanskje dette valet òg kan verta eit vegval i høve til transportpolitikken?

Så vil eg berre seia: Me har meir fantasi i høve til modernisering enn at me trur at det berre er konkurranseutsetjing.

To spørsmål: Er konkurranseutsetjing ein ideologi for Høgre, eller er det eit verkemiddel? Kva vil Høgre gjera dersom dette viser seg å gå på tryggleiken laus? Eg vil òg spørja: Er det fleirtalet sine 22 milliardar kr Høgre og Kristeleg Folkeparti vil omprioritera? I så tilfelle, tykkjer representanten Løvik at dette heng på greip?

Petter Løvik (H) [10:44:32]: Eg er ikkje i stand til å sjå nokon forskjell på Imarsundprosjektet og Høgre sin politikk. Imarsundprosjektet er god Høgre-politikk, og vi er veldig glade for at vi har fått med oss ein samla komite på dette.

Dersom representanten Starrfelt høyrde etter på begynnelsen av det eg sa, var det veldig mykje om den politikken vi fører i dag, som også Starrfelt omtalte i sitt innlegg. Eg håpar Starrfelt oppfatta det, at eg ikkje pakka det så godt inn at ho ikkje kjende igjen Høgre-politikken i det eg sa.

Så stilte Ausdal Starrfelt eit svært interessant spørsmål: Er konkurranseutsetjing ein ideologi for Høgre? Ja, meir eller mindre, for kva er det vi vil med konkurranseutsetjing? Vi vil gi dei som kan gi folk flest det beste tilbudet, ein sjanse til å få gitt dette tilbudet, uavhengig av om desse er offentleg eller privat tilsette, norske eller utlendingar. Det viktigaste er å gi kundane, det norske folket, eit godt tilbud, og det er vår ideologi at det er det same kven som gir dette tilbudet.

Kenneth Svendsen (FrP) [10:45:48]: Jeg vil først starte med å gi ros til Regjeringen, som har fulgt Fremskrittspartiets prinsipper om konkurranse og omdanning til aksjeselskap, som har vært meget positivt.

Dessverre er det slik at Høyre ramler igjennom når det kommer til veibevilgninger. Jeg har lyst til å sitere litt fra Innst. S. nr. 119 for 2000-2001 om forrige Nasjonal transportplan:

«Det må videre være en hovedoppgave å legge de transportpolitiske forutsetningene slik til rette at det eksisterende næringsliv fortsatt skal finne det mulig å drive sin virksomhet i eller utfra Norge, også å stimulere til nyetableringer i Norge. I en internasjonal sammenligning av lokaliseringsfaktorer kommer Norge relativt dårlig ut, med lave investeringer i samferdsel i forhold til BNP. Et svært høyt avgiftsnivå på transport svekker vår posisjon.

Ved behandlingen av Nasjonal transportplan foreslår disse medlemmer en betydelig økning i bevilgningen til samferdselsformål.»

Mitt spørsmål er: Hva har skjedd de siste fire årene? Er det investert så mye i vei at det ikke er behov for mer veibygging i dette landet? Er det arbeidsledigheten som har gått så mye ned, som det blir sagt fra komitelederen? Hva er det som har skjedd, siden Høyre helt har snudd i sin politikk?

Petter Løvik (H) [10:47:07]: Det er litt urettferdig av Svendsen å stille eit slikt spørsmål og be meg forklare alt som har skjedd i desse åra, på eitt minutt. Derfor håpar

eg at Svendsen og presidenten unnskyldar at eg må ta dette litt overflatisk.

Det som har skjedd, og det er det store, er at vi har lagt eit grunnlag – og Framstegspartiet skal ha stor ros for å ha støtta oss i å ha lagt det grunnlaget – for å få til ei omstilling på svært mange område i samferdselssektoren. Det er det eine.

Det andre er at vi samtidig faktisk har klart å auke løyvingane betydeleg, som Svendsen heilt korrekt siterte at vi i innstillinga i samband med den førre nasjonale transportplanen sa at vi ville gjere.

Dersom vi tek veggsektoren, som eg veit representanten Svendsen er svært oppteken av, har vi etter regjeringsskiftet klart å auke det årlege løyvningsnivået frå det den siste arbeidspartiregjeringa la fram, til det som sentrum-Høgre-regjeringa no la fram, med 2 milliardar kr pr. år. 2 milliardar kr pr. år til veg blir det mykje veg av. Når vi i tillegg får gjort ting meir effektivt, har vi fått gjort ein heil del.

E i r i n F a l d e t hadde her overtatt presidentplassen.

Heidi Sørensen (SV) [10:48:29]: Det er åpenbart at Høyre har en dårlig dag når 90 pst. av innlegget går med til å harselere over en subsidiær stemmegivning og ikke til å forsvare det som er egen politikk, i den største saken denne komiteen behandler i løpet av perioden, Nasjonal transportplan.

Jeg har lyst til å utfordre Høyre på ett område. Høyre har, så vidt jeg kan se, hatt to funksjoner i samferdselspolitikken i de årene vi har sittet sammen på Stortinget. Det er å framheve næringslivets behov, og så er det å bekjempe den jernbanesatsingen andre koalisjonspartnere prøver å få til.

I siste utgave av The Economist skrives det om den veiprising som settes i gang nedover i Europa. Sveits har innført det. Sveits tar inn 5 milliarder kr i skatt på trailere som kjører igjennom landet. Neste år kommer Tyskland med det samme systemet. I Sverige diskuterer de det. I Storbritannia gjør de det samme.

Hvordan vil det se ut for norsk næringsliv hvis trailere møter dette på grensen, når vi ikke klarer å få til en jernbanesatsing som gjør at vi klarer å få gods over på jernbane, slik at det kan bli effektiv transport?

Petter Løvik (H) [10:49:48]: Ein skal vere forsiktig med prosentrekning i eit slik tilfelle, men om lag 70 pst. av innlegget mitt gjekk på å beskrive kva vi står for, og kva vi vil stå for. Men ein må kunne sjå det i relasjon til den usikkerheita som ligg i eit alternativt fleirtal, for verkeleg å kunne få fram kor godt det alternativet vi i sentrum-Høgre-regjeringa har å tilby, er.

Representanten Sørensen tek det utgangspunktet som SV ofte gjer, og som Arbeidspartiet dessverre følgjer opp, nemleg at det blir satsa svært lite på jernbane i Noreg. Faktum er at i forhold til Sverige, som er det næraste og lettaste å samanlikne oss med, har vi, både i forhold til lengde på jernbanenettet og i forhold til innbygg-

jartalet, ei større satsing dei siste ti–tolv åra enn det Sverige har hatt. Så kan sjølvsagt Sørensen seie at vi burde hatt lengre jernbanenett i Noreg. Men den store forskjellen er at i Noreg har vi ein lang kyst med mykje kystfart, og det har ikkje svenskane på same måten som oss. Så jernbanesatsing har vi i betydeleg grad, og vi har auka ho kraftig i dei siste tre åra.

Presidenten: Replikordskiftet er omme.

Kenneth Svendsen (FrP) [10:51:12]: Et godt utbygd samferdselstilbud er en av de viktigste faktorene for at et samfunn skal kunne fungere. Uten et godt utbygd infrastruktur vil det være umulig for bedrifter og enkeltpersoner å etablere seg og bo rundt omkring i landet. Nasjonal transportplan 2006–2015 skal være et instrument for å nå dette målet. Hvis NTP skal være det verktøyet som den er ment å være, må de forskjellige partiene på Stortinget følge opp sine lovnader og vedtak gjennom de årlige bevilgningene i forbindelse med behandlingen av statsbudsjettet. Det har ikke vært gjort i inneværende periode. En ser stor forskjell mellom hva de enkelte parti lovet i forbindelse med behandlingen av Nasjonal transportplan 2003–2006, og hva som er foreslått i forbindelse med de årlige behandlingene av statsbudsjettet.

Som sagt: I et land som Norge, med lange avstander og spredt bosetting, vil et utbygd veinett med høy standard være avgjørende for at næringslivet skal kunne fungere på en effektiv måte. Derfor ønsker Fremskrittspartiet å prioritere investeringer og vedlikehold av veinettet høyest. Fremskrittspartiet ser på muligheten som det enkelte individ har til bruk av bil, både til arbeidsformål og rekreasjon, som positivt og som noe som bedrer den enkeltes livskvalitet. I konkurranse med jernbane har bilen overlegne konkurransefortrinn. Det kan her nevnes hurtighet, fleksibilitet og ikke minst økonomi.

Fremskrittspartiet mener en omorganisering av Samferdselsdepartementet til et transportdepartement som har ansvaret for land-, vann- og lufttransport, inkludert havner, flyplasser og transportterminaler, vil gjøre prioriteringene mellom de forskjellige sektorene enklere og mer oversiktlig. En slik omorganisering vil også gjøre det lettere å se helheten mellom bil-, bane-, båt- og lufttransport, og derved legge til rette for at disse transportformene utfyller hverandre.

Fremskrittspartiet vil vise til at det er opprettet flere tilsyn, bl.a. Jernbanetilsynet og Luftfartstilsynet. Disse tilsynene bør etter vårt syn slås sammen i ett tilsyn for lettere å utnytte den totale informasjonsflyten. Dette transporttilsynet bør ikke ligge under Samferdselsdepartementet, men overflyttes til et annet departement.

Fremskrittspartiet vil vise til at Norge som et land med lange avstander og spredt bebyggelse burde, for å utligne ulempene ved å ligge langt fra markedene, ha et bedre utbygd veinett enn andre land. Dessverre er det motsatte tilfelle. Norge ligger langt etter de fleste europeiske land. Bevilgningene til veiformål har gjennom flere år gått reelt ned. Samtidig har trafikkveksten vært sterk og ulykkesfrekvensen negativ. For Fremskrittspar-

tiet er det en klar sammenheng mellom økt trafikk og flere ulykker på den ene siden og mindre penger til veiformål på den andre siden.

Fremskrittspartiet ønsker derfor å forsere utbyggingen av veinettet i Norge samt forbedre vedlikeholdet. Dette vil føre til færre ulykker og et mer lønnsomt næringsliv. Spesielt vil dette virke positivt for næringsliv og befolkning i Distrikts-Norge.

Fremskrittspartiet mener det raskest mulig må bygges ut firefelts motorvei med midtdeler på alle veier som har en årstdøgntrafikk på over 10 000 biler. Derfor foreslår vi at E18 fra Kristiansand til svenskegrensen og E6 mellom Svinesund og Trondheim fortløpende bygges ut til firefelts vei med midtdeler. Dette vil fjerne mange av dødsulykkene og de mange ulykkene hvor personer blir hardt skadd. Fremskrittspartiet vil videre bygge ut E6 mellom Trondheim og Kirkenes til tofelts motorvei, med unntak av de strekningene hvor årstdøgntrafikken tilsier firefelts vei.

Fremskrittspartiet vil vise til at for Vestlandet er trafikken som går nord-sør fra Trondheim via Bergen til Kristiansand på E39 viktig, men også trafikken øst-vest fra Bergen til Oslo er viktig. Vi vil derfor satse på en rask utbygging av E39 uten bruk av bompenger, samtidig som Haukelivegen kortes kraftig ned. Dette vil gi næringslivet og privatpersoner på Vestlandet et kraftig løft og styrke deres konkurransekraft.

Fremskrittspartiet er bekymret over at en stadig større del av investeringsmidlene innen veisektoren bompengesfinansieres. Staten tar inn langt over 40 milliarder kr i forskjellige bilrelaterte avgifter, inkludert merverdiavgift på avgiftene. Fremskrittspartiet ser på den stadig økende bruk av bompenger som en ekstra skatt/avgift på bilisten, noe Fremskrittspartiet på det sterkeste går imot.

Fremskrittspartiet vil i Nasjonal transportplan 2006-2015 bruke 75 milliarder kr mer på veibygging, rassikring og veivedlikehold enn det som ligger inne i Regjeringens forslag til NTP for samme periode. Uten en slik satsing er etter vårt syn nullvisjonen uoppnåelig, og en vil se at ulykkesstatistikkene fortsatt vil holde seg høye i framtiden.

I svar fra samferdselsministeren på spørsmål nr. 676 i Dokument nr. 15 for 2003-2004 fra meg skriver ministeren at en kunne spart 34 liv i trafikken pr. år og 48 færre hardt skadde i trafikken ved å bygge ut til firefelts motorvei med midtdeler, slik Fremskrittspartiet har foreslått. Det betyr at vi hadde spart 340 liv de neste ti årene og 480 lemlestelser i trafikken over samme periode. Jeg registrerer at regjeringspartiene ikke støtter Fremskrittspartiet i denne satsingen for å redde liv, en satsing som selv Regjeringen sier ville spart de liv jeg refererte til.

En slik satsing er også nødvendig for at næringslivet skal kunne omdanne sine lokale konkurransefortrinn til overskudd i bedriften ved at de kan frakte sine produkter til markedene for en akseptabel pris.

For Fremskrittspartiet kan jernbane være en effektiv løsning i områder med stor befolkningstetthet og begrenset tilgang på areal. Jeg konstaterer at det er få slike områder i Norge. Derfor ønsker vi i langt større utstrekning

å satse på bygging og vedlikehold av veinettet framfor investeringer i jernbanenettet og kjøp av tjenester fra NSB og andre aktører på linjen. Passasjertallene fra de forskjellige jernbanestrekningene viser også dette ved at de har gått kraftig ned i 2003. Dette viser etter mitt syn at jernbane ikke dekker de krav passasjerene stiller til befordringsmiddel.

Lodve Solholm (FrP) [22:56:58]: No fekk vi endelig beviset for at vi snakkar forbi kvarandre, og at vi i grunnen er heilt samde. Det er akkurat det same fleirtalet seier, som Odd Roger Enoksen sa no, nemleg at vi går inn på det ordinære budsjettet, og så kjøper vi dei tenesene som fleirtalet i Stortinget meiner det skal vere i rammevilkåra for ei næring, på same måten som ein gjer det

innan samferdselssektoren. Ein vedtek at det er viktig og samfunnsmessig fornuftig å opprette flyruter som pr. definisjon går med underskot, men det er politisk ønskjeleg å gjere det, og så kjøper ein den tenesta. På same måten skal vi kjøpe tenester av fiskerinæringa når det gjeld å hauste sel, og når det gjeld å opprette ein del små mottak, fordi det er samfunnsmessig fornuftig. Vi kjøper dei tenestene gjennom postar på statsbudsjettet. Vi treng ikkje ha ein avtale mellom fiskerikonsesjonane og departementet. Dette kan vi vedta her i Stortinget.

Presidenten: Flere har ikke bedt om ordet til replikk.

Åsa Elvik (SV) [22:58:20]: Det er ein stor siger for SV at ein samrøystes næringskomite «ber Regjeringen vurdere å fremme forslag i statsbudsjettet for 2005 om å etablere et verdiskapingsprogram for fiskerinæringa».

Eg vil veldig gjerne få lov til å takke saksordføraren for å ha gjort ein veldig god jobb.

I all beskjedenheit må eg seie at vi heile tida har visst at dette var eit godt forslag. Vi har fått utruleg mange gode og positive tilbakemeldingar, og blant dei som varma mest, var det ein leiarartikkel i Nordlys som oppmoda Stortinget til å låne øyre til dette gode initiativet frå SV. Eg er nøgd med at komiteen har gjort nettopp det. Eg skal berre få skyte inn at eg håpar statsråden ikkje låner øyre til det representanten Kristiansen sa om å blande inn Grønnevet-utvalet i forhold til dette, for då går det frykteleg gale.

Bakgrunnen for at vi har teke dette initiativet, er det enorme potensialet og samtidig dei store utfordringane fiskerinæringa har.

Når eksportert kvantum aukar samstundes som eksportverdien går ned og sysselsetjinga i alle ledd i næringa går ned, bør vi brette opp ermane og ta fatt på jobben. Det er eit enormt potensial og store utfordringar.

Nokre formulerer dilemmaet slik: Norsk fiskeforedling taper terreng fordi vi ikkje har utvikla lønnsame nisjar eller spesialitetar som kan forsvare eit høgt norsk kostnadsnivå, samstundes som vi heller ikkje har automatisert nok til at vi er i stand til å konkurrere med lågkostland på deira premissar.

Våre svar er: Lat oss ikkje overlata denne jobben til næringa åleine. Lat oss ta på alvor dei fiskeripolitiske måla om at fiskeria skal vere lønnsame, berekraftige og bidra til arbeidsplassar og busetjing langs kysten. Lat oss vere med og ta ansvar for å utvikle strategiar for meir verdiskaping i norsk fiskerinæring!

Vi har teke utgangspunkt i verdiskapingsprogrammet for landbruket og meiner at vi kan ta med oss ein del erfaringar herifrå over i eit tilsvarende program for verdiskaping i fiskerinæringa. Utviklinga av spesialiserte matvarer av høg kvalitet basert på norske mattradisjonar og spesialitetar vil vere ein rett hovudinnfallsvinkel for eit slikt program.

Det er blitt gjenteke gong på gong at innlandsmarknaden for fiskeprodukt er underutvikla, og her vil det vere eit stort potensial. Dette vil vere spesielt interessant i forhold til ei kvalitetssatsing. Ein annan strategi vil vere

auka utnytting av biprodukt og utvikling av biprodukt. Skal vi ha ein fiskeforedlingsindustri i Noreg, vil også teknologiske tiltak som aukar norsk konkurransevne når det gjeld rutineproduksjon, stimulerast. I sum har SV eit håp om at eit slikt program kan medverke til at større delar av verdiskapinga skjer lokalt, samtidig som vi kan vere med og skape fleire norske arbeidsplassar i industrien.

Det har vore eit vesentleg poeng for oss at eit slikt program ikkje berre skal fokusere på foredlingsleddet, men leggje til grunn eit heilskapleg perspektiv på produksjonen. Eg ber derfor statsråden ta med seg intensjonen vår om at programmet bør omfatte heile fiskerisektoren – fiske, fangst, utstyrsleverandørar, mottak, foredling, transport, forskingsinstitutt, utdanningsinstitusjonar, eksport, en gros, konsummarknad osv.

All viktig lærdom frå verdiskapingsprogrammet for landbruket er at det som skjer frå kvalen er ferdig produsert, til han ligg på middagsbordet hos forbrukaren, er avgjerande for å lykkast. Distribusjon, marknadsføring og marknadsundersøkingar må derfor ikkje undervurderast i ein slik verdiskapingsstrategi. Her trur eg at fiskerinæringa har ein del å lære, og at vi med eit slikt program kan medverke til ei positiv utvikling.

Eg er kjempenøgd med at komiteen har slutta seg til forslaget vårt, og håpar at statsråden vil sjå på det med velvilje, men bland helst ikkje Grønnevet-utvalet inn i akkurat dette programmet – det hadde vore fint.

Når det gjeld mindretalsforlaget, har eg ikkje meir å seie enn at det anten må vere ein skrivefeil, ein trykkfeil, ein glipp, ein tabbe eller ei rein misforståing. Eitt eller anna må iallfall ha gått forferdeleg gale i regjeringspartia si interne saksbehandling, for eit forslag om å seie opp fiskerivtalen har ikkje i det heile noko å gjere i eit forslag frå SV om å etablere eit verdiskapingsprogram for fiskerinæringa.

Eirin Faldet hadde her overtatt presidentplassen.

May-Helen Molvær Grimstad (KrF) [23:03:10]:

Kristeleg Folkeparti er einig i beskrivinga i Dokument nr. 8:67 frå representantane Elvik og Ryan av situasjonen og dei utfordringane fiskerinæringa står overfor. Vi er også einige i den utfordringa fiskerinæringa har når det gjeld busetjing og sysselsetjing langs kysten og den betydelege eksporten av sjømat denne næringa står for. I det heile er det inga usemje totalt når det gjeld dei utfordringane fiskerinæringa står overfor.

Ein har vore einig i at det i eit verdiskapingsprogram ikkje berre bør fokuserast på foredlingsleddet, men at ein har eit mest mogleg heilskapleg perspektiv. Dette trur vi i Kristeleg Folkeparti er svært viktig – også for utviklinga i marin sektor. Vi er derfor einig i at ein i samband med forslag til budsjett for 2005 vurderer å fremme forslag om å etablere eit verdiskapingsprogram for fiskerinæringa.

Regjeringa har vist engasjement i forhold til utfordringa for fiskerinæringa. Regjeringa har oppnemnt eit utval for marin verdiskaping, og arbeidet til dette utvalet vil bli

sendt på brei høring. Regjeringa har også varsla ei eiga stortingsmelding om marin næringsutvikling.

Kristeleg Folkeparti er oppteke av å ha ein god og offensiv fiskeripolitikk. Den norske fiskerinæringa eksporterer no for rundt 27 milliardar kr kvart år. I takt med dei auka eksportinntektene har fiskeriatvanten fått stadig mindre å seie dei siste åra. Frå 1990-talet er beløpet redusert, frå 3 milliardar kr til rundt 50 mill. kr i dag, sjølv om det – som det blei sagt – var brot i tingingane da ein sist prøvde å forhandle fram avtalen. At beløpet er blitt redusert så mykje på desse åra, har si årsak i at næringa har vore flink til å omstille seg både når det gjeld internasjonale avtalar om næringsstøtte og miljøkrav om endra ressursforvaltning. Det fortener kvar enkelt fiskar og kvar enkelt bedrift langs kysten ros for. Fiskerinæringa er så godt som sjølvfinansiert og medverkar til betydeleg verdiskaping.

Regjeringa foreslo i revidert nasjonalbudsjett å seie opp fiskeriatvanten. Det blei i budsjettforliket med Arbeidarpartiet om revidert nasjonalbudsjett semje om at spørsmålet om oppseiinga av hovudavtalen ikkje skulle behandlast i revidert nasjonalbudsjett. Arbeidarpartiet var derimot innforstått med at Regjeringa ville fremme forslaget i ei anna sak. Det har regjeringspartia gjort i denne innstillinga. Regjeringspartia har ikkje på nokon måte gjort eit avtalebrot med Arbeidarpartiet når det gjeld dette.

Når det gjeld dei tilskotta som blir gitt gjennom fiskeriatvanten i dag, har ein ikkje sagt noko om å fjerne dei, slik mange opposisjonsparti hevdar i media. Forslag om tilskot til ulike tiltak blir fremma ved behandlinga av statsbudsjettet. Då får vi også diskutert dei ulike utfordringane som næringa har knytt til desse midlane. Eg meiner at det ut frå det som skjer, ikkje er nokon grunn til å drive skremselspropaganda.

Som Bendiks H. Arnesen nemnde, har vi ein partileiar i Kristeleg Folkeparti som har profilert seg når det gjeld fiskeripolitikk. Eg er veldig glad for at vi har ein offensiv partileiar på dette området. Vi vil ha samarbeid med fiskerinæringa. Sjølv om ein går inn for å seie opp fiskeriatvanten, betyr ikkje det at ein ikkje ønskjer eit nært og godt samarbeid med næringa. Nei, vi vil framleis stå på og ha eit godt samarbeid med dei ulike aktørane i næringa. Det er viktig å ha denne dialogen – også for å få kjennskap til dei utfordringar næringa har.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Olav Akselsen (A) [23:07:14]: I førre veke var det nokre merkelege oppslag i media om Kristeleg Folkeparti og ein ny fiskeripolitikk. Det var nokon som hadde skremt Kristeleg Folkeparti sin nye leiar ut i ein fiskebåt. Dette var sikkert ein nødvendig tur; eg reknar med at det var ein del av image-bygginga rundt hans person. Det er tydeleg at han blei inspirert av denne turen, for det var ikkje måte på kva fiskarane skulle oppnå med Kristeleg Folkeparti si hjelp. Det blei proklamert at samarbeid med næringa var svært viktig. Dette er sjølv sagt positivt, men det rimar jo svært lite med det som har vore verkelegheit. Etter mitt syn tyder det på at helseministeren ikkje har fått med seg kva som har skjedd på fiskeriministeren sitt

område, for det er svært få område som har blitt ramma hardare av den nedskjerjinga som regjeringspartia har gjennomført. Hadde det ikkje vore for den avtalen som Arbeidarpartiet har inngått med Regjeringa, så hadde denne sektoren nærmast vore ribba for verkemiddel.

Mitt spørsmål til Molvær Grimstad er om ho trur at samarbeidsklimaet i næringa blir så godt med det som Kristeleg Folkeparti går inn for.

May-Helen Molvær Grimstad (KrF) [23:08:37]:

Kristeleg Folkeparti vil framleis ha ein offensiv fiskeripolitikk og samarbeid med næringa. Eg trur at ved å rette søkjelyset mot desse områda – selfangst, føringstilskott og andre ting som kjem på statsbudsjettet – kan vi faktisk få meir politisk debatt i Stortinget om utfordringar for næringa. Eg trur ikkje næringa blir skadeskoten av at fiskeriatvanten blir sagt opp, men eg trur at vi kan få enda meir og enda betre konstruktive debattar her i Stortinget.

Når det gjeld partileiaren sin båttur, var ikkje det tilfeldig. Vi har jobba grundig med ein rapport spesielt i forhold til tiltakszona i Nord-Troms og Finnmark, om utfordringar som er der. Ut frå denne rapporten har Kristeleg Folkeparti utarbeidd ein rapport som går på fiskerinæringa og utfordringane der, som vi har gått inngående inn i og jobba målretta og konkret med. Denne rapporten kan hr. Akselsen godt få ein kopi av, så han ser at dette ikkje er tilfeldig. Vi er veldig glade for at partileiinga vil engasjere seg i fiskeripolitikk, for det er faktisk ei enormt viktig næring for landet vårt.

Åsa Elvik (SV) [23:09:57]: Eg lurar på om ikkje fiskerinæringa vil betakke seg for at Stortinget skal blande seg inn i fiskeripolitikken, dersom det er slik Stortinget har tenkt å oppføre seg når dei skal ta viktige avgjerder for fiskerinæringa. Det hadde kanskje vore ein idé å konsultere avtalepartnaren før ein sa opp avtalen, dersom det var det som var tilfellet.

Problemet er at vi i dag ikkje veit kva slags tiltak som vil bli haldne oppe over statsbudsjettet, slik som Molvær Grimstad viste til – at dette ikkje er noko problem, for vi vil få det som ordinære tiltak over statsbudsjettet. Det får vi ikkje vite når vi frå SV si stortingsgruppe spør om det.

Fiskeriatvanten er ein av dei få fiskeripolitiske reiskapane vi har igjen, og dersom Kristeleg Folkeparti er oppteke av fiskeripolitikk, burde dei vere opptekne av å ta vare på dei reiskapane som vi har igjen.

Fiskeribladet skriv på leiarplass i dag at dei «skjønner at liberalister i Høyre og Fremskrittspartiet gjerne ser avtalen død og begravet», men dei undrar seg meir over at dette er i samsvar med den politikken som Kristeleg Folkeparti hevdar at dei står for.

Mitt spørsmål til Molvær Grimstad er: Visste Kristeleg Folkeparti om at avtalen kom til å bli sagt opp, før dette forslaget kom frå Regjeringa?

May-Helen Molvær Grimstad (KrF) [23:11:16]:

Dersom representanten Elvik trur at Kristeleg Folkeparti sit defensivt på sidelinja i fiskeripolitikken, tek ho grundig feil.

Eg meiner at opposisjonen her krisemaksimerer unødvendig. Og det er klart at når ein i Dagbladet framstiller det omtrent som om dette vil føre til nedlegging av fiskeribedrifter i Nord-Noreg, er ein då med på å setje spørsmålsteikn ved om ein verkeleg stikk fingeren i jorda og ser kor mykje dette dreier seg om. Det er mange måtar ein kan ha samarbeid med næringa på. Ein kan gå over på ulike område, og Fiskeridepartementet kan samarbeide med næringa sjølv om ein ikkje har ein fiskeriatvtale. Og ein ser at beløpet endrar seg – 3 milliardar kr var beløpet tidleg på 1990-talet, og no er det på rundt 50 mill. kr. Ein ser at dette er ei dramatisk endring, og vi bør vere stolte over at vi har ei så flott fiskerinæring som eksporterer og står for mykje verdiskaping. Så er det utfordringar, og dei tek vi på alvor. Det er ingenting som tilseier at vi ikkje skal vere offensive i forhold til desse områda som i dag er med i fiskeriatvtalet.

Heidi Grande Røys (SV) [23:12:36]: Representanten frå Kristeleg Folkeparti sa at Kristeleg Folkeparti har ein god og offensiv fiskeripolitikk, og den vil vi gjerne høyre meir om.

Men det som forundrar meg – og oss i SV – er: Kva er det i fiskeriatvtalet som hindrar Kristeleg Folkeparti i å ha ein god og offensiv fiskeripolitikk? Og kva er det som er så ille med denne fiskeriatvtalet at ein ikkje eingong orienterer sine avtalepartnarar om at ein ynskjer å seie han opp, men at avtalepartnarane må lese det i revidert nasjonalbudsjett?

May-Helen Molvær Grimstad (KrF) [23:13:22]:

Det siste som representanten frå SV sa, er ikkje heilt riktig. Men det reknar eg med at fiskeriministeren kjem inn på litt seinare.

Det seier seg sjølv at når beløpet har vore på 3 milliardar kr og no har gått ned til rundt 50 mill. kr, så har intensjonen med fiskeriatvtalet blitt oppfylt. Så kan det vere forskjellige måtar å samarbeide med ei næring på, men ein kan ikkje halde fast på alt slik som det har vore, fordi ein har hatt tradisjon i så og så mange år for å ha ein fiskeriatvtale som kan vere moden for å endrast. Det å få debatt her i Stortinget om kor mykje tilskott vi skal gi til selfangst, trur eg faktisk er bra for fiskerinæringa. Eg trur at vi manglar noko av den levande fiskeripolitiske debatten i salen, og det å få fram meir kva vi skal bruke desse pengane på, trur eg er sunt for næringa, og eg trur også det er sunt for Stortinget.

Det er ikkje noko gale med fiskeriatvtalet i seg sjølv, men det er eit spørsmål kva type avtalar ein skal ha framover, kva det er som er mest formålstenleg. Og eg trur ikkje at næringa kjem dårlegare ut av dette.

Presidenten: Replikkordskiftet er dermed omme.

Odd Roger Enoksen (Sp) [23:14:49]: Jeg trodde ikke støttenivået hadde vært så høyt som 3 milliarder kr, men uansett hva støttenivået en gang i tiden var, burde regjeringspartiene gjøre det som var mulig for å opprettholde en avtale med en forhandlingspart som i løpet av

en 15–20-årsperiode har vært villig til gjennom inngåtte avtaler å redusere støttenivået fra det nivået og ned til dagens nivå. Det tilsier at man har med en særdeles konstruktiv organisasjon å gjøre, som man burde gjøre det som var mulig for å opprettholde det gode forholdet til. I stedet sier man altså opp avtalen uten noen nærmere forhåndsdrøfting – bare gjennom å varsle fiskarlagsformannen, ettersom jeg har forstått, samme dag som revidert nasjonalbudsjett ble lagt fram.

Man gjør ikke akkurat noe for å søke venner innenfor den næringen med en slik framgangsmåte. Det man kunne ha gjort, hvis man mente at fiskeriatvtalet burde bort, var å inngå drøftinger med organisasjonen med sikte på å innarbeide framtidig støtte i budsjettet for 2005, fra andre halvår i 2005. Det ville ha vært fullt mulig, for på den måten kunne man faktisk avvikle fiskeriatvtalet et år fram i tid og oppnå et helt annet resultat i fred og fordragelighet og i forståelse med næringen, i stedet for å skape de konfliktene som man jo har gjort med de uttalelsene som bl.a. fiskarlagsformannen har kommet med i Dagbladet i dag.

Det som nå skjer, er at man gir overhodet ingen signaler om hva som skal inngå i de framtidige støtteordningene. Det ligger ingen signaler om det i revidert nasjonalbudsjett. Det har ikke vært noen drøftinger, og vi ser at i de siste månedene siden Stortinget sist behandlet fiskeriatvtalet etter bruddet i forhandlingene, har velferdsstasjoner forsvunnet – velferdsstasjoner som har vært et viktig tilbud spesielt til fremmedflåten. Det er usikkerhet omkring føringstilskudd, og det er usikkerhet på en rekke områder.

Regjeringen og regjeringspartiene gjør ikke akkurat noe for å søke venner i fiskerorganisasjonene, men man gjør heller ikke stort for å finne venner i denne sal ved den måten som man har håndtert denne saken på.

Jeg føler ikke behov for å si spesielt mye om det Dokument nr. 8-forslaget som ligger til behandling. Jeg slutter meg til forslagsstillerens innlegg, og jeg er også fornøyd med at det er et enstemmig storting som slutter seg til forslaget om et verdiskapingsprogram.

Når saksordføreren i sitt innlegg sa at det undrer ham at regjeringspartiene tar så lett på denne saken, må jeg si at det forundrer meg desto mer at det finnes partier på Stortinget som fortsatt vil inngå avtaler med andre partier, som tar så lett på de avtalene man har inngått. Man er ikke akkurat ute etter å søke verken venner eller langsiktige allianser når man før blekket på budsjettavtalen er tørt, fremmer det samme forslaget i en helt annen sak. Jeg forstår at Arbeiderpartiet føler seg lurt, selv om denne avtalen som Arbeiderpartiet har inngått, må sies å være en særdeles dårlig avtale.

Jeg har vært med både fra regjeringsposisjon og i opposisjon og inngått budsjettavtaler, hvor man nærmest har måttet snakke med hverandre før man flyttet på et komma, og så har man altså klart å ende opp med en avtale som åpner for at dette forslaget kunne fremmes på nytt to dager etterpå. Arbeiderpartiet bør ta et repetisjonskurs i forhandlingsteknikk, men det går jeg ut fra blir gjort med det aller første.

Jeg trenger ikke bruke mer tid på denne saken. Jeg vil gjerne bare ha gjentatt det som jeg prøvde å si i innstillingen, at de partier som fortsatt har til hensikt å inngå avtaler med regjeringspartiene, bør sørge for å få talt fingrene før man går fra hverandre.

Steinar Bastesen (Kp) [23:18:52]: Vi diskuterer bl.a. fiskeriatvanten. Den var i sin tid en milepæl i fiskernes kamp for bedre levevilkår, og den kan vel best sammenliknes med innføringen av folketrygden for resten av befolkningen. Derfor er avtalen av svært stor symbolverdi for fiskeribefolkningen.

At fiskeriministeren stort sett har markert seg som en mann uten politisk dømmekraft i perioden som fiskeriminister, får være hans og Regjeringens problem. Men når det går ut over kystbefolkningen, slik som det nå gjør, blir det faktisk et stort problem for dem som skal overleve langs kysten. At Kristelig Folkeparti støtter opp om tullet, må godskrives statsministerens misforståtte Mor Godhjerta-holdning.

Kristelig Folkeparti, Høyre og Venstre må være uten politisk gangsyn når de tør å utfordre fiskerinæringen og kysten på denne måten. Fiskeriatvanten er en institusjon. Ved å fjerne fiskeriatvanten, og det er det fullstendig respektløse ved hele Regjeringens opptreden, vil de fjerne fiskerne fra den politiske dagsordenen.

Nå kan det hevdes at fiskerne står solid plantet på egne ben og ikke trenger denne avtalen. I utgangspunktet er det positivt, og det vitner om en livskraftig næring. Kystpartiet vil ha en vurdering av den nye strukturen som er i ferd med å bygge seg opp i fiskerinæringen. Det er ikke sikkert at denne «billige» avtalen for fiskerinæringen er så billig når man gjør opp samfunnsregnskapet, med fraflyttede kystsamfunn på grunn av at rekrutteringen til sjarkfiske og kystfiske er umuliggjort, fordi kvotene er havnet i hendene på dem som har store fiskebåter.

Uansett – man fjerner ikke sikkerhetsnettet for en yrkesgruppe fordi de har maktet å bygge opp en bærekraftig næring. For kystbefolkningen vil dette vedtaket i første omgang bety at føringstilskuddet kan forsvinne, det samme kan tilskuddet til drift av mottaksstasjonene, drift av velferdsstasjonene, støtten til norsk selfangst og garantilotten og lineagntilskuddet. Med andre ord, Regjeringen klarer på nytt å skape usikkerhet og utrygghet for kystbefolkningen. Det er blitt sagt fra denne talerstolen at avtalen i fjor var på 50 mill. kr. Ja, den var diktet 50 mill. kr. Men da må jeg spørre om vi ikke subsidierer andre næringer? Samferdsel blir subsidiert, syketrygden blir subsidiert, politiet blir subsidiert, skoler blir subsidiert, helsevesenet blir subsidiert, osv. Vi snakker her om en næring på kysten, vi snakker om bosetting, vi snakker om sikkerhetsnettet, vi snakker om at folk vet hva de har å holde seg til.

Vi i Kystpartiet trodde at fiskeriatvanten var berget. Men da regnet vi selvsagt ikke med at vi har med en regjering å gjøre som driver dobbeltspill, der de forsøker å være smarte. Regjeringspartiene og Arbeiderpartiet ble i avtalen om revidert nasjonalbudsjett enige om ikke å si opp avtalen, som Regjeringen først og fremst fremmet

forslag om. At fiskeriministeren nå prøver å hevde at arbeiderpartileder Jens Stoltenberg var innforstått med fjerning av fiskeriatvanten, ser jeg på som en pompøs fornærmelse mot Arbeiderpartiets fiskeripolitiske talsmann, Bendiks H. Arnesen.

Jeg er fullstendig enig med Senterpartiets medlem i næringskomiteen, Odd Roger Enoksen, i at utspillet om å fremme saken i næringskomiteen i en helt annen sak må være det latterligste påfunnet i Stortingets historie. Men det er farlig å flire av dumme påfunn.

Høyre-politikken fungerer! For øvrig må jeg si at Kystpartiet er imot at landet skal selges bit for bit.

Presidenten: Presidenten er litt usikker på om ikke en del av karakteristikken var det vi i dette hus kaller uparlamentariske, og vil bare påpeke det.

Olav Akselsen (A) [23:24:05] (leiar for komiteen):

Eg vil gratulera forslagsstillarane, som i dag får fleirtal for prinsippet om eit verdiskapingsprogram for fiskerinæringa. Dette er viktig. Erfaringane frå landbruket viser at denne måten å tenkja på har bore frukter. Verdiskapingsprogrammet for landbruket har gjeve auka aktivitet, fleire bein å stå på og i ein del tilfelle heilt sikkert vore med på å tryggja busetjinga. Det same, meiner eg, kan skje for fiskeribransjen, og det er derfor svært gledeleg at ein får gjennomslag for dette forslaget i dag.

Sjølv om eg er svært positiv til forslaget frå SV, vil eg hevda at ein del av dei problema som fiskerinæringa slit med, særleg i forhold til foredlingsindustrien, har samheng med at Noreg ikkje har fri tilgang til vår næraste og viktigaste marknad. Ulike handelshindringar og toll har gjort det vanskeleg å få til vidareforedling i Noreg. Debatten om marknadstilgangen må me også vera viljuge til å ta i denne saka, men kanskje ein annan gong enn i kveld.

Når saka som me i dag behandlar, har fått stor merksemd, er det nok ikkje først og fremst på grunn av SV sitt gjennomslag, men på grunn av ei svært uortodoks framferd frå Regjeringa si side. Heilt utan forvarsel foreslo Regjeringa i revidert nasjonalbudsjett å seia opp fiskeriatvanten. Forslaget var ikkje utgreidd, og det hadde ikkje vore nokon førehandskontakt med motparten, Norges Fiskarlag. Dette kom med andre ord som lyn frå klar himmel for dei som var involverte.

Fiskeriatvanten har vore ein svært viktig del av norsk fiskeripolitikk. Avtalen har eksistert i over 40 år. Det må sjølv sagt vera lov å vilja fjerna denne avtalen, men då burde Regjeringa ha manna seg opp til å fremma denne saka på ein ordinær måte. Ei sak som denne burde ha blitt behandla på vanleg vis i næringskomiteen. Eit slikt opplegg ville m.a. gjort det mogleg å ha vanlege høringsrundar, og me kunne fått ein offentleg debatt, slik denne saka etter mitt syn hadde fortent, på ein heilt annan måte enn det som har vore mogleg med den framgangsmåten som regjeringspartia har valt.

Når Regjeringa valde å leggja denne store, viktige og ikkje minst prinsipielle omlegginga inn i revidert nasjonalbudsjett, må det vera lov å spørja om motivasjonen.

Var dette i håp om at heile denne saka skulle drukna i debatten om store tal og i spelet om kven som skulle støtta kven i samband med revidert nasjonalbudsjett? – Ikkje veit eg. I alle fall var det slik at i avtalen med Arbeidarpartiet om revidert nasjonalbudsjett var det semje om at dette spørsmålet ikkje skulle vera ein del av behandlinga av revidert nasjonalbudsjett.

Ved å fremma forslaget om å seia opp avtalen i samband med behandlinga av eit Dokument nr. 8-forslag om eit heilt anna tema, blei ei merkeleg saksbehandling endå merkelegare. Dagen før framlegging blei eit heilt nytt og svært dramatisk tema kasta inn i komiteen. Med den forhistoria denne avtalen har, meiner eg at dette var ein uverdigg måte å behandla denne saka på. Viss det på død og liv var slik at denne avtalen måtte seiast opp i vår, burde Regjeringa ha fremma eit eige Dokument nr. 8-forslag og vore i stand til å forsvare det på eigen kjøp.

Det er sjølvsagt slik at regjeringspartia står fritt til å fremma dei forslaga dei sjølve meiner er rett, men det er ikkje nødvendigvis lurt å gjera dette. Før jul inngjekk Arbeidarpartiet og regjeringspartia ein budsjettavtale. I denne avtalen fekk Arbeidarpartiet gjennomslag på mange viktige felt, felt som er heilt avgjerande for at Arbeidarpartiet kunne stemma for denne avtalen til slutt. Når me så kjem til revidert nasjonalbudsjett, ser me at nesten alle punkta som Arbeidarpartiet hadde fått gjennomslag for, er blitt fjerna i forslaget frå Regjeringa. Eg kan seia som sant er, at dette aukar ikkje samarbeidsviljen eller vår glede ved å inngå avtalar med regjeringspartia. Etter mitt syn burde denne saka ha vore fremma på ein helt annan måte. Denne saksbehandlinga gjer at Stortinget kjem i vanry. Avtalen burde aldri ha vore sagt opp på denne måten.

Utover dette merkar eg meg at nok ein gong har regjeringspartiet Høgre vunne over Kristeleg Folkeparti i ei viktig politisk sak.

Statsråd Svein Ludvigsen [23:29:27]: Den situasjonsbeskrivelse som ligger til grunn for Dokument nr. 8-forslaget, opptar Regjeringa og har vært sentral i det arbeidet som Regjeringsutvalget for marin verdiskaping har gjort. Det arbeidet og Dokument nr. 8-forslaget er helt på linje. Begge de to dokumentene vil også danne grunnlaget for den stortingsmeldingen om marin verdiskaping og marin næringsutvikling som vi har varslet skal legges fram.

Et verdiskapingsprogram må selvsagt, som også representanten Elvik var inne på, settes inn i en helhetlig fiskeripolitikk. Det får Stortinget til behandling som særskilt sak i form av en stortingsmelding. Det er en behandling som jeg gleder meg til, med bakgrunn i den store enighet som komiteinnstillingen viser. Det skulle være et godt grunnlag for å komme fram til omforente løsninger.

Innovasjon Norge forvalter allerede ordninger med relativt sammenfallende formål med det foreslåtte verdiskapingsprogram. Både Forskningsrådet og Regjeringens innovasjonssatsing, Innovasjon 2010, prioriterer marin sektor. Jeg vil i tråd med innstillingen komme tilbake til dette i budsjettproposisjonen til høsten, men den helhetli-

ge verdiskapingspolitikken må selvfølgelig etter mitt skjønn behandles i stortingsmeldingen, som jeg sa i sted.

I innstillingen blir også forslaget fra Høyre, Kristelig Folkeparti og Fremskrittspartiet om å si opp hovedavtalen for fiskerinæringa med virkning fra 1. januar 2005 tatt opp. Dette er i samsvar med det opprinnelige forslaget fra Regjeringa i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett av 2004. Mindretallsforslaget kommer opp til votering senere i kveld.

Hovedavtalen for fiskerinæringa ble inngått den 3. juni 1964 mellom Fiskeridepartementet og Norges Fiskarlag og innledet et samarbeid med sikte på tiltak som kunne øke lønnsomheten i fiskerinæringa. Målet var at fiskerne skulle oppnå en inntekt minst på linje med inntekt i andre yrker, slik at næringa etter hvert kunne gjøres uavhengig av statlige støttetiltak. Avtalen var altså en økonomisk avtale og ikke en generell samarbeidsavtale, slik representanten Arnesen synes å tro. Det framgår tydelig både av avtalen og stortingsbehandlinga i forbindelse med St.meld. nr. 7 for 1964–1965, Om hovedavtale for fiskerinæringa.

Etter Regjeringens vurdering er målsettingen i hovedavtalen oppnådd. Lønnsomheten i flåten er forbedret, og ulike tiltak vil forsterke denne positive utviklinga. De ferskeste lønnsomhetstallene fra Budsjettnemnda viser at 21 av 25 fartøygrupper har positive driftsresultater. Driftsmarginene i 2002 for enkelte fartøygrupper er gode, for ringnotfartøy mellom 24 pst. og 32,4 pst., for snurrevadfartøy på 8–13 meter på 14,3 pst. og for garnjuksebåter i Nord-Norge på 13–21 meter på 12,2 pst.

Innføring av fartøykvoter i kystflåten har bidratt til en bedre lønnsomhet, og Regjeringa har med utvidelsen av enhetskvoter for havfiskeflåten og innføring av drifts- og strukturordning for kystflåten lagt grunnlaget for at fartøyene skal kunne øke sitt kvotegrunnlag og dermed tilpasse driften slik at det blir økt lønnsomhet. I tillegg har vi lagt til grunn stabilitet og forutsigbarhet i kvotefordelingen mellom hav- og kystflåten. Det samme gjelder for kystflåten etter at man innførte den såkalte Finnmarksmodellen.

Målt i faste priser er tilskuddsrammene redusert fra over 3 milliarder kr tidlig på 1980-tallet til 50 mill. kr i 2004. Forhandlingsformer har vist seg å være lite egnet når støtteomfanget er blitt så pass begrenset som det faktisk er. Allerede i 1964 ble det faktisk stilt spørsmål om Norges Fiskarlag alene skulle være statens motpart i disse sammenhenger. De siste årene har det så blitt stadig lengre avstand mellom Fiskarlagets krav og statens tilbud, og det ble brudd da Fiskarlaget stoppet på 200 mill. kr, mens Stortinget vedtok en ramme på 50 mill. kr.

Fiskerinæringa er i mange sammenhenger også best tjent med å framstå som mest mulig subsidiefri og i størst mulig grad å bli behandlet som alle andre næringer. Den nødvendige dialogen mellom Fiskeridepartementet og næringa vil selvsagt bli ivaretatt på andre måter enn i forbindelse med støtteforhandlingene. Dette vil også bli fulgt opp så snart Stortinget har gjort sitt vedtak. Det har partene vært enige om.

Arbeiderpartiet viser i sin innstilling til at Stortinget gjennom det overordnede fiskeripolitiske mål har gitt fiskerinæringen en spesiell rolle i nærings- og distriktspolitikken. Det er min faste overbevisning at fiskeripolitikkenes viktigste bidrag til distriktspolitikken er å skape betingelser som vil skape lønnsomme bedrifter på hav og på land, ikke først og fremst gjennom statlige overføringer.

Regjeringen vil i budsjettet for 2005 selvfølgelig vurdere hvilke tiltak som i dag finansieres over fiskeriatvaten, som skal videreføres. Jeg vil minne om at årets avtale omfatter både føringstilskudd og støtte til selfangst. Men representanten Enoksen tar feil når han sier at velferdsstasjonene er en del av hovedavtalen.

Stortinget får muligheter til å komme tilbake til dette i forbindelse med støttebehandlingen. Min overbevisning er at både næringen og Stortinget dermed får en større reell innflytelse over eventuelle målrettede virkemidler i den ordinære budsjettbehandlingen i denne sal.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Bendiks H. Arnesen (A) [23:35:04]: Statsråden er opptatt av å få fram at dette ikke er en avtale for samarbeid.

Dette er stikk i strid med den oppfatning en samlet næring har når det gjelder dette spørsmålet. Dersom det er slik at den økonomiske delen skal legges inn i de årlige budsjett, at Regjeringen har vilje til å legge dette inn i de årlige budsjett, hvorfor startet man da med å kutte i garantilotten, som er en del av denne avtalen? Hvorfor har statsråden et behov for å få bort denne avtalen, mot en samlet nærings ønske? Det er jo ikke et krav fra næringen å få avtalen bort. Det er tvert imot et krav fra næringen å få beholde den. Føler ikke statsråden at dette svekker samarbeidet med næringen, og at muligheten til omforente tiltak for næringen dermed svekkes?

Statsråd Svein Ludvigsen [23:36:18]: Man tar nok litt hardt i når man sier en samlet fiskerinæring. Dette er en avtale mellom Norges Fiskarlag og Fiskeridepartementet. Det er nok ikke slik at en samlet næring, omfattet av industri, salg, oppdrett av hvitfisk og pelagisk fisk, er så samstemt som det her hevdes.

Det er ikke tvil om at hovedavtalen omfatter økonomiske støttemidler, og at det selvsagt har vært et samarbeid i den sammenheng. Men avtalen som sådan er ikke en generell samarbeidsavtale. Derimot er Fiskarlagets ledelse og jeg enige om at når Stortinget har gjort sitt vedtak, og hvis det er mindretallets forslag som blir vedtatt, skal vi sette oss ned og drøfte hvordan vi skal videreføre dialogen om de behov som næringen kan ha når det gjelder økonomiske virkemidler. Så vil Regjeringen selvsagt for hvert budsjett vurdere om noen av disse virkemidlene, enten det gjelder føringstilskudd, tilskudd til selfangst eller annet, skal videreføres. Når garantilotten ble brakt inn i dette, er det helt naturlig, fordi garantilotten ble finansiert over hovedavtalen. Det er forklaringen.

Øystein Djupedal (SV) [23:37:36]: Det er ikke standpunktet i seg selv som er egnet til å overraske i denne saken. Det at Regjeringen ønsker å si opp fiskeriatvaten, er jo kjent. Det som forbauser oss, og som vel forbauser også mange utenfor dette hus, er at en regjering kan velge en så useriøs måte å gå fram på overfor en næring og overfor Stortinget. Jeg tror de færreste ville ha tenkt seg muligheten av å legge inn en oppsigelse av en topartsavtale i et helt annet dokumentforslag, som Regjeringen her har valgt. Regjeringen står selvfølgelig fritt til å mene det og fritt til å si opp en avtale, men det får jo et snev av en æ da bæ da-politikk over seg, altså en så useriøs politikk på et så viktig felt. Æ da bæ da sannsynligvis til Arbeiderpartiet, som inngikk avtalen, men også æ da bæ da til Fiskarlaget: Se, vi er i stand til å få det til – æ da bæ da! Det er på en måte den seriositeten som ligger til grunn for det arbeidet en regjering skal gjøre, og det arbeidet Stortinget skal gjøre, som her stilles i vanry.

Jeg hørte jo statsrådets innlegg. Kan han forstå at opposisjonen i dette tilfellet mener at denne regjeringen opptrer respektløst, hvis de virkelig mente at det var seriositet i at de valgte en annen fremgangsmåte? Kan ikke statsråden se at det fins et snev av poeng i dette?

Statsråd Svein Ludvigsen [23:39:11]: Da Regjeringen konstaterte at gapet mellom krav og vedtak i Stortinget var så stort som det viste seg å være siste året – vi har sett en økende differanse mellom forventninger og det som har vært mulig å få til gjennom en avtale – startet vi en vurdering av oppsigelse av avtalen. Vi har sagt opp avtalen helt i tråd med avtalens paragrafer, og vi varslet Stortinget gjennom revidert nasjonalbudsjett.

Så skjedde da det at man i forbindelse med budsjettavtalen ikke ønsket at det skulle behandles der. Som det er kommet fram her, var man fra avtalepartene innforstått med at saken ville bli reist i en annen sammenheng. Da har ikke jeg innvendinger mot at saken ble fremmet som den ble.

Odd Roger Enoksen (Sp) [23:40:15]: Først mitt poeng med det jeg sa om velferdsstasjonene. Det var ikke en konsekvens av manglende bevilgning over fiskeriatvaten, men det var det at disse stasjonene i et visst omfang er blitt nedlagt nettopp på grunn av manglende finansiering. Og det forsterker egentlig bare mitt poeng. Det er ikke en del av avtalen. Dette er gjenstand for årlige budsjettbevilgninger uten drøfting, og med de konsekvenser som måtte komme av det.

Fiskeriministeren har i sitt innlegg nå for så vidt argumentert greit for hvorfor fiskeriatvaten bør avvikles. Sett at det virkelig er fornuftig å gjøre det og erstatte den med andre tiltak. Da er ett av problemene for oss på Stortinget at fiskeriministeren i revidert nasjonalbudsjett for det første overhodet ikke har gitt noen signaler om hvilke ordninger som skal videreføres. Dernest har fiskeriministeren her i dag framført en ganske klar argumentasjon som bare kan tolkes på én måte: Neste års bevilgning blir lavere enn de 50 mill. kr som bruddet kom på i år.

Hvis ikke det er tilfellet, er jeg helt ute av stand til å forstå hvorfor fiskeriministeren har et slikt hastverk med å få avtalen oppsagt nå, og at han ikke kunne følge en annen prosedyre som ville ha ført til at dette kunne ha skjedd på en mer minnelig måte.

Så, hvis jeg kan få lov til å stille fiskeriministeren et spørsmål: Hvis fiskeriministeren i ettertid ser på dette, hvor mye angrer han på framgangsmåten, på en skala fra en til ti?

Statsråd Svein Ludvigsen [23:42:01]: Når Regjeringen fremmet dette forslaget, var det veloverveid og som sådant er det ikke snakk om anger eller noe annet. Jeg er tilfreds med at dette mindretallsforslaget kan bli vedtatt i dag.

Da er jeg litt mer overrasket over at man ikke har den tiltro til Stortinget, eller til næringen som sådan, at de skal kunne argumentere i en budsjettbehandling, som alle andre næringer må gjøre. Til syvende og sist får det være opp til Stortinget å bestemme budsjettet, og dermed rammene for eventuelle tiltak som skal videreføres.

Det er ikke naturlig for Regjeringen å skulle varsle bevilgninger for det kommende året i revidert nasjonalbudsjett. Derfor kan jeg ikke si noe i dag om ordninger og nivåer, men jeg har varslet at Regjeringen vil vurdere om noen av tiltakene skal videreføres i 2005-budsjettet.

Når det gjelder velferdsstasjonene, er det riktig at det ble kuttet i budsjettet som Regjeringen la fram i budsjettavtalen i høst mellom Arbeiderpartiet og Høyre – uanskyld, regjeringspartiene.

Presidenten: Ja, klokken er 23.45, så ...

Statsråd Svein Ludvigsen (fra salen): Det hjertet er fullt av ...

Øystein Djupedal (SV) [23:43:31]: Det er nødvendig å gå litt videre, for dette er en spesiell situasjon. I dette huset fins det både skrevne og uskrevne regler som man har lang parlamentarisk tradisjon og praksis for, og man har også lang tradisjon for hvordan man skal håndtere organisasjoner utenfor dette hus.

Så velger man en så useriøs framgangsmåte. Bare se situasjonen: Revidert nasjonalbudsjett er ennå ikke behandlet i Stortinget. Det vedtaket skjer på fredag. Man gjør i kveld et vedtak der det eksplisitt står i avtalen at dette ikke skal behandles i revidert, og så kommer man altså to-tre dager i forkant og får vedtaket. Kan dette kalles seriøs politisk behandling av en seriøs regjering?

Jeg stiller meg meget undrende til at så drevne parlamentarikere som det som tross alt fins i regjeringspartiene her i huset, kan akseptere en framgangsmåte som er så respektløs overfor en hel yrkesgruppe, og ikke minst overfor en avtalepartner. Men det går ikke jeg inn i, for det er ikke jeg som har inngått den avtalen. Men jeg forbauses over at man virkelig kan gjøre det, og at statsråden står her på Stortingets talerstol og sier at han har ingen innsigelser til denne framgangsmåten. Hadde det vært et snev av fingerspitzgefühl i dette, burde statsråden

ha sagt: Jeg ser at vi kanskje skulle ha lagt ned et dokumentforslag.

Du hadde fått det som du ville likevel, statsråd, men det hadde vært en mer respektfull måte å gå fram på!

Presidenten: All tale skal rettes til presidenten.

Statsråd Svein Ludvigsen [23:44:52]: Det er interessant at representanten Djupedal på vegne av SV sier at det hadde blitt det samme vedtaket uansett. Jeg vet ikke om jeg skal tolke det dit hen at også SV i så fall ville støttet et slikt forslag.

Jeg tar så absolutt avstand fra karakteristikken at dette er useriøs behandling. Jeg oppfatter at Stortingets behandling av saker som Regjeringen legger fram, eller Dokument nr. 8-forslag, er en seriøs behandling. Noe annet hadde jeg ikke forventet at representanter med lang parlamentarisk erfaring skulle si fra Stortingets talerstol.

Dette er seriøst, både forslaget og behandlingen, men at representanten Djupedal oppfatter det på en annen måte, får stå for hans regning.

Åsa Elvik (SV) [23:45:53]: Det må vere ei historisk utlegging av eit anna parti sin politikk at statsråden greier å få det Djupedal sa, til å bli at SV ville ha stemt for ei oppseiing av fiskeritavtalen.

Saka er at eit mindretal på Stortinget ikkje kan hindre eit fleirtal på Stortinget i å vedta det dei vil. Dette mindretalet kan ikkje hindre fleirtalet i å fremme dette forslaget og få det vedteke i forbindelse vårt Dokument nr. 8-forslag. Men det hører ikkje heime der, og det burde ikkje ha vore der.

Når statsråden argumenterer med at avtaleregimet ikkje har vore formålstenleg, og at Norges Fiskarlag kanskje ikkje burde ha vore einaste avtalepartner, er det naturleg å spørje statsråden om det da ikkje heller hadde vore intelligent å endre avtaleregimet i staden for å seie opp avtalen? Men det som eg ønskjer å utfordre statsråden på, er: Eg reknar ikkje med at det gjer noko inntrykk på statsråden at opposisjonen er rasande, men gjer det ikkje litt inntrykk på han at leiaren av Noregs Fiskarlag brukar så sterke ord som han gjer i Dagbladet i dag, der han stiller seg undrande til kven denne statsråden eigentleg er statsråd for? For fiskarane er det iallfall ikkje.

Statsråd Svein Ludvigsen [23:47:07]: Jeg leser avisen, og jeg leste oppslaget i avisen i dag. Jeg har også deltatt på møter i fiskeriorganisasjonene, inklusive møter hvor lederen i Norges Fiskarlag deltok.

Det er helt klart at det ikke er tilfredshet med at vi sier opp avtalen, men nå er nok ordenes valør litt forskjellig alt etter som om man står på talerstolen eller er gjengitt i media.

Jeg merker meg den skjerpede tonen som er i media i dag, men det er altså en langt mer skjerpet tone enn det jeg hørte på f.eks. Troms Fiskarfylkings årsmøte. Det er nok slik at man påvirkes i den debatten som er.

Jeg er helt trygg på at Regjeringen kommer til å ta fiskerinæringens utfordringer på så stort alvor at vi også vil se til at det er virkemidler som ivaretar de hensyn som vi finner nødvendig. Derfor skal vi vurdere dette forløpende under høstens budsjettbehandling. Da har jeg tiltro til at både næringen og Stortinget er i stand til å håndtere det. Og skulle det vise seg at Stortinget ikke er fornøyd med det Regjeringen har lagt fram, går jeg også ut fra at Stortinget vet hvordan de kan håndtere det.

Presidenten: Replikkordskiftet omme.

De talere som heretter får ordet, har en taletid på inntil 3 minutter.

Knut Werner Hansen (A) [23:48:45]: La meg først slå fast at det som denne saken egentlig handler om, forslaget fra SV om et verdiskapingsprogram for fiskerinæringen, er en flott idé, som komiteen samlet ber Regjeringen vurdere. Men det er altså slik at debatten om denne flotte ideen har druknet, fordi Stortingets flertall har «klonet» inn et fremmedelement.

Lederen i dagens Fiskeribladet har tittelen «Uverdigg i Stortinget». Lederen er for lang til å siteres i sin helhet, men jeg tar med følgende sitat:

«Vi har alltid vært tilhengere av at Stortinget engasjerer seg i norsk fiskeripolitikk. Når det gjøres viktige valg, bør beslutningene ha så sterk demokratisk forankring som mulig.»

Fiskeribladet stiller på lederplass et stort spørsmål ved den måten Stortinget har drevet fiskeripolitikk på de siste dagene, og sier videre:

«Slik det ser ut nå er det takk og farvel både til fiskerivtalen og sikkerhetsopplæringa. Det er ille nok i seg sjøl. Verre er det at det tydeligvis drives et politisk spill, der spillet i seg sjøl har større verdi enn hensynet til de sakene de gjelder – og de menneskene som faktisk er berørt.»

Reaksjonene ute på det som er i ferd med å skje, har vært svært sterke. Norges Fiskarlag mener bl.a. at Regjeringen har lurt Arbeiderpartiet, og at denne saken ikke er egnet til å skape tillit til det politiske system.

Statsråd Ludvigsen sa på årsmøtet i Troms Fiskarfylking sist fredag at det ikke var grunnlag for den kritikken som er kommet, og at Arbeiderpartiet var vel innforstått med at det – altså oppsigelse av hovedavtalen – ville komme i en sak før revidert. Arbeiderpartiets forhandlere avviser dette.

Fiskeribladets hovedkonklusjon er at det drives et uverdigg politisk spill i Stortinget. Jeg har ikke forutsetning for å være dommer i det spillet, men merknadene i saken og debatten så langt gir klart inntrykk av en sak med uvanlig høy temperatur. Jeg synes det er all grunn til det.

Representantene Kristiansen og Molvær Grimstad har i dag sagt at man ønsker et nært, godt og konstruktivt samarbeid med næringen. Det er ord som statsråd Ludvigsen også bruker. Så kan jo vi som ikke har tilgang til

de innerste politiske kretser i Regjeringen, undres: Er dette Regjeringens nye måte å skape omforente løsninger på, og gode prosesser med næringen? Hvis ikke, hva er så årsaken til at man velger å opptre som en elefant i et glasshus?

